

# MØTEINNKALLING

**Utval:** Kontrollutvalet i Lærdal kommune  
**Møtedato:** 14.6.2021 kl. 09:00  
**Møtestad:** Rådhuset – formannskapssalen

---

## SAKLISTE

11/2021 Godkjenning av møtebok  
12/2021 Skriv og meldingar – saker til oppfølging  
13/2021 Tertialrapport 1 - 2021

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Richard Nesheim, tlf: 95 26 13 18 eller e-post [richard.nesheim@pwc.com](mailto:richard.nesheim@pwc.com).  
Varamedlemar møter etter nærare avtale.

Lærdal, 7.6.2021

Njål Kaardal Golf  
Leiar (sign)

Richard Nesheim  
Sekretariat

**Kopi:**  
Ordførar  
Rådmann  
Oppdragsansvarlig revisor

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

### Sak 11/2021 Godkjenning av møtebok

|   |                              |                          |
|---|------------------------------|--------------------------|
| <b>Sakshandsamar</b><br>Richard Nesheim | <b>Møtedato</b><br>14.6.2021 | <b>Sak nr</b><br>11/2021 |
|---|------------------------------|--------------------------|

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 12.4.2021 vert godkjent.

#### VEDLEGG

| <b>Nr.</b> | <b>Dok. Dato</b> | <b>Avsendar/Mottakar</b> | <b>Tittel</b>               |
|------------|------------------|--------------------------|-----------------------------|
| 1          | 12.4.2021        |                          | Møtebok frå møtet 12.4.2021 |

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

# Møtebok

**Møtedato:** 12.4.2021

**Møtetid:** 09.00 – 12.00

**Møtestad:** Rådhuset – formannskapssalen

**Saksnr.:** 7/21 – 10/21

| Følgjande medlemer møtte | Parti |
|--------------------------|-------|
| Njål Kaardal Golf        | Sp    |
| Britt Bruflot Gram       | Sp    |
| Jens Rikheim             | SV    |
| Guri Olsen               | H     |
| Egil Natvik Vestrheim    | AP    |

| Forfall meldt frå følgjande medl. | Parti | Følgjande varamedlem møtte | Parti |
|-----------------------------------|-------|----------------------------|-------|
|                                   |       |                            |       |
|                                   |       |                            |       |

| Ugilde | Sak | Følgjande varamedlem møtte |
|--------|-----|----------------------------|
|        |     |                            |

|                                 |  |
|---------------------------------|--|
| <b>Møteleiar:</b>               | Njål Kaardal Golf  |
| <b>Frå sekretariatet møtte:</b> | Richard Nesheim  |
| <b>Frå kommunen møtte:</b>      | Rådmann Gunn Lerøy, deltok under handsaminga av sak 8 og 9<br>Alf Magne Hjellum deltok under del av sak 9<br>Magnhild Aspevik deltok under del av sak 9<br>Ordførar Audun Mo, deltok under heile møtet |
| <b>Frå revisjonen møtte:</b>    | Rune Mydland, deltok i sak 9<br>Sindre Dueland deltok i sak 10   |
| <b>Utdelt i møte:</b>           |  |

Underskrifter:

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

## Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel  | Gradering: | Ope/unnateke off. |
|---------|---|------------|-------------------|
| 7/2021  | Godkjenning av møtebok  |            | O                 |
| 8/2021  | Skriv og meldingar – saker til oppfølging                                   |            | O                 |
| 9/2021  | Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen                               |            | O                 |
| 10/2021 | Prosjektplan for forvaltningsrevisjon kring arbeidsmiljø i oppvekstsektoren |            | O                 |

### Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

#### Sak 7/2021 Godkjenning av møtebok

| Sakshandsamar   | Møtedato  | Saknr  |
|-----------------|-----------|--------|
| Richard Nesheim | 12.4.2021 | 7/2021 |

#### Framlegg til vedtak:

Møteboka frå møtet 22.2.2021 vert godkjent.

#### 12.4.2021 KONTROLLUTVALET

#### KON-7/21 VEDTAK:

Møteboka frå møtet 22.2.2021 vert godkjent.

Samrøystes

## Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 8/2021 Skriv og meldingar – orienteringssaker

|   |                              |                        |
|---|------------------------------|------------------------|
| <b>Sakshandsamar</b><br>Richard Nesheim | <b>Møtedato</b><br>12.4.2021 | <b>Saknr</b><br>8/2021 |
|---|------------------------------|------------------------|

**Refererte skriv og meldingar:**

### Skriv til orientering for kontrollutvalet

| Nr. | Dok. dato | Avsendar                                | Tittel  |
|-----|-----------|---|---|
| 1   | 15.3.21   | Kommunal og moderniseringsdepartementet | Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften (Følgeskriv)                                    |
| 2   | 15.3.21   | Kommunal og moderniseringsdepartementet | Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften   |
| 3   | 18.03.21  | Lærdal kommune                          | Sak 5/21 til administrasjonsutvalet – informasjon til administrasjonsutvalet om fråvere og stillingar |

**Framlegg til vedtak:**

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

### 12.4.2021 KONTROLLUTVALET

**Drøftingssaker:**

1. Kontrollutvalet drøfta kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen på komande møte

**Orienteringar i møtet:**

Til møtet hadde kontrollutvalet bedt administrasjonen om ei nærare orientering om følgjande saker:

1. Orientering om kommunale tillegg i høve til renovasjon

Alf Magne Hjellum orienterte om temaet. Historikken er slik at ein tilbake i 2015 og 2016 såg at ein hadde mykje arbeid knytt til oppfølging av grunnlaget for fakturering av gebyr for slam og renovasjon. Det var mykje ekstra arbeid for kommunen i høve til å legge inn grunnlaga for eigedomane i KomTek. Så vart det gjort ei forskriftsendring i SIMAS og det

vart ein heil del spørsmål frå innbyggjarar kring søknad om fritak for renovasjon. I budsjettet for 2017 vart det difor teke inn eit påslag for å dekke del av desse kostnadane. Gebyrregulativet er likt som for Sogndal og Luster. Arbeidet kommunen har med såkalla herrelaust avfall kan ein ikkje fordele ut på innbyggjarane, men ein kan ta med det som kjem inn under sjølvkostprinsippet. Kommunen samarbeider no med Luster kommune om å få fram ein sjølvkostmodell knytt til dei kostnadane ein kan fordele ut på innbyggjarane. Kommunen har ikkje kravd noko påslag for året 2021 (SIMAS har fakturert ut eit påslag for første halvår, men dette vil bli refundert). Når ein får sjølvkostmodulen på plass vil ein kunne ta stilling til om ein skal legge på eit påslag for 2022.

## 2. Orientering om korleis ein sikrar likebehandling av saker knytt til byggesaker/frådeling

Landbrukssjef Magnhild Aspevik orienterte generelt om regelverket knytt til bygging av fleire hus på gardsbruk. Det vart vist til informasjon frå Statsforvaltaren. Det er blitt strengare reglar for å frådele tomter til kårhus. Ein bustad nr 2 på garden må vere naudsynt med omsyn til drift eller produksjon.

Aspevik orienterte kort om ei sak der administrasjonen hadde innstilt på avslag på byggeløyve til eit nytt hus på garden, men der formannskapet gav løyve. Det er stilt spørsmål kring om denne saka kan samanliknast med ei anna sak, ein annan stad i kommunen, der administrasjonen innstilte på og gav løyve til bygging av hus nr 3 på garden. Landbrukssjefen meiner at forholda i desse to sakene er ulike og at ein difor ikkje kan samanlikne desse. I den aktuelle saka gav formannskapet likevel løyve til bygging ut frå omsynet til samfunnsinteresser.

Det vart og orientert kort om ei sak der søkjar søkte om deling av ein landbrukseigedom for å selje til to kjøparar. Her tilrådde administrasjonen til at det ikkje vart gitt løyve til deling. Også i denne saka kom formannskapet til ein annan konklusjon og gav løyve til deling.

Landbrukssjefen gav uttrykk for at ho meinte administrasjonen hadde vore tydelege i saksframlegga, men ser at det kan vere grunnlag for å ta lærdom av at det blir stilt spørsmål og at ein difor vil prøve å skrive endå meir utfyllande grunngjevingar slik at det kjem klart fram kva moment ein har teke omsyn til i dei vurderingar som vert gjort i sakene.

Rådmannen gav uttrykk for at ein er avhengig av ha tillit i høve handsaming av slike saker. Ho gav og uttrykk for at det er viktig at kommunestyret gir føringar i arealplanen i forhold til kvar det skal vere løyve til spreidd busetnad.

## 3. Orientering om ny rutine for handsaming av medikament for bu og miljøtenesta

Rådmannen orienterte om dei nye rutinane for handsaming av medikament for bu- og miljøtenesta. Rutinane vert sendt til sekretariatet som kan dele desse med kontrollutvalet.

4. Status på investeringsprosjekta knytt til utbygginga innanfor vatn og avløp, samt utbygginga på Håbakken

Alf Magne Hjellum orienterte om status på utbygginga knytt til vatn og avløp. Dette gjeld i hovudsak nytt vassverk på Hauge og tilkopling av dette til Håbakken. Prosjektet er delt i fleire entreprisar. Ein del er knytt til grøfter og ledningar m.v. Framdriftsmessig er ein i ferd med å avslutta grøftarbeid m.v. fram til Håbakken. Entreprisen for denne delen er på 21,5 mill. kr. Prosjektrekneskapen viser at ein har nytta 16 mill. Administrasjonen reknar med at ein kjem i mål innanfor den budsjetterte summen.

Ein entreprise er knytt til bygging av sjølve vassverket. I denne entreprisen ligg utbetring av veg, samt bygging av pumpehus og tilkopling til brønnar. Utbetring av veg og tilkopling av brønnar er gjort. Når det gjeld pumpehuset har ein støypt vegger og tak. Det står att å støypa golv. Entreprisen er på 9,4 mill.kr og det er så langt brukt 4,7 mill. kr. Og for denne entreprisen er ein nokså i rute, det er varsla om eit tillegg på mellom 160 000 og 170 000 kr

Ein entreprise gjeld teknisk installasjon inni vassverket. Her er det ikkje gjort så mykje så langt i om med at bygget må vere ferdig først. Det er fakturert 20% av entreprisekostnaden på 3,9 mill. kr.

Til slutt skal det byggast eit større høgdebasseng i Ofta. Dette er prosjektert og anbudsgrunnlaget er klart. Her må ein ha på plass avtale med grunneigarane før dette arbeidet kan lysast ut. I budsjetten til kommunen har ein att 15 mill. kr som er avsett til høgdebasseng og diverse andre kostnader. Det er administrasjonen si vurdering at budsjetten er tilstrekkeleg.

Tidsplan: Alt utanom høgdebassenget skal vere ferdig til sommaren, men det er framleis for tidleg å seie kor tid vassverket vil bli teke i bruk.

Rådmann Gunn Lerøy orienterte litt om status på utbygginga i Håbakken. Tomta til Lærdal Grønt er klar for bygging. Administrasjonen vil kome tilbake med informasjon til kontrollutvalet til neste møte i høve til nærare status både i høve til framdrift og status på økonomien i prosjektet.

### **KON-8/21 VEDTAK:**

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande

Til neste møte vil kontrollutvalet be administrasjonen om å få ei orientering kring:

1. Kva rutinar kommunen har for datasikkerheit og korleis Lærdal kommune sikrar at ein ikkje kan kome i same situasjon som ein – som sikrar at ein ikkje kjem i same situasjon som Østre Toten kommune der datainnbrot har medført store driftsproblem og store økonomiske konsekvensar. Kontrollutvalet ønskjer og å bli orientert om kva planar kommunen har i forhold til samarbeid med andre kommunar på IKT-området, sett i lys av at Aurland kommune har sagt opp den avtalen som Aurland, Lærdal og Årdal i dag har på IKT-området.

2. Ei orientering om status på utbygginga i Håbakken. Kontrollutvalet ønskjer å bli orientert om status både i høve til framdrift og i høve til budsjett
3. Oppfølging av læringspunkta i forvaltningsrevisjonsrapporten knytt til offentlege innkjøp. Spesielt med fokus på innkjøpsregelverket og kva som er gjort for å sikre kompetanse kring dette og klare ansvarsforhold i høve til å sikre at kommunen overheld regelverket
4. Oversikt over vedtaka i kommunestyret i 2020 og i kva grad dei er gjennomført.
5. Oversikt over kva rutinar kommunen har for å sikre at ikkje offentleg informasjon vert lagt ut offentleg på postlista.

## **Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune**

### **Sak 9/2021    Kontrollutvalet si fråsegn til årsmelding og årsrekneskap 2020 for Lærdal kommune**

| <b>Sakshandsamar</b> | <b>Møtedato</b> | <b>Saknr</b> |
|----------------------|-----------------|--------------|
| Richard Nesheim      | 12.4.2021       | 9/2021       |

#### **Framlegg frå sekretariatet:**

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsmeldinga og årsrekneskapen for 2020 for Lærdal kommune slik den ligg føre. Fråsegna vert sendt over til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

#### **12.4.2021 KONTROLLUTVALET**

#### **KON- 9/21 VEDTAK:**

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsmeldinga og årsrekneskapen for 2020 for Lærdal kommune slik den ligg føre. Fråsegna vert sendt over til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Samrøystes



## Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

### Sak 10/2021 Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt om arbeidsmiljø innan oppvekstsektoren

| Sakshandsamar   | Møtedato  | Saknr   |
|-----------------|-----------|---------|
| Richard Nesheim | 12.4.2021 | 10/2021 |

#### Framlegg frå sekretariatet:

Kontrollutvalet går gjennom utkast til prosjektplan i møtet og godkjenner denne, med eventuelle endringar.

#### 12.4.2021 KONTROLLUTVALET

Forvaltningsrevisor frå KPMG, Sindre Dueland, presenterte prosjektplanen via digital løysing. Kontrollutvalet kom med spørsmål, og innspel til endringar i prosjektplanen.

#### KON- 10/21 VEDTAK:

Kontrollutvalet vil, med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon, setje i verk ein forvaltningsrevisjon om arbeidsmiljø i oppvekstsektoren i samsvar med framlagt prosjektplan frå KPMG, samt dei endringane av prosjektplanen som kontrollutvalet kom med innspel om i møtet. Kontrollutvalet føreset at ein får revidert prosjektplan til gjennomsyn før arbeidet vert sett i verk.

Samrøystes

Møtet slutt

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

### Sak 12/2021 Skriv og meldingar - orienteringssaker

|   |                              |                          |
|---|------------------------------|--------------------------|
| <b>Sakshandsamar</b><br>Richard Nesheim | <b>Møtedato</b><br>14.6.2021 | <b>Sak nr</b><br>12/2021 |
|---|------------------------------|--------------------------|

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

#### VEDLEGG

##### Skriv til orientering for kontrollutvalet

| Nr. | Dok. dato    | Avsendar                    | Tittel   |
|-----|--------------|-----------------------------|--|
| 1   | Ikkje datert | Lærdal kommune              | Saksframlegg til sak 72 i formannskapet – Omstillingsprosjektet. Statusrapport og vegen vidare   |
| 2   | Ikkje datert | Lærdal kommune              | Statusrapport omstillingsprosjektet  |
| 3   | Ikkje datert | Telemarksforskning          | KOSTRA- og effektivitetsanalyse 2020 (foreløpige tall per 15. mars 2021)   |
| 4   | 29.04.21     | Lærdal kommune              | Protokoll og saksframlegg for sak 24/21 i kommunestyret – forvaltningsrevisjonsrapport om heimetenestene i Lærdal  |
| 5   | 3.6.21       | Lærdal kommune              | Protokoll og saksframlegg for sak 25/21 i utval for miljø og samfunnsutvikling – Organisering av tilsyn for byggjesak og ulovlegheitsoppfølging – vedtak av strategi |
| 6   | 26.5.21      | Okken Kraft Holding AS      | Okken Kraft Holding AS – konsernrekneskap (utdrag)   |
| 7   | 26.5.21      | Okken Kraft Holding AS      | Okken Kraft Holding AS - årsberetning  |
| 8   | Juni 21      | Lærdal kommune              | Sakspapir til sak 12 i administrasjonsutvalet – fråvær i Lærdal kommune  |
| 9   | 06.05.21     | Statsforvaltaren i Vestland | Vedtak i klagesak om overtredelsesgebyr  |

## **Drøftingssaker:**

1. Kontrollutvalet bør drøfte kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen på komande møter i 2021

Aktuelle tema kan t.d. vere:

- Det nye økonomireglementet i kommunen – korleis fungerer dette – kva opplæring er gitt ut i organisasjonen
- status på oppfølging av internkontroll i kommunen (system for avvikshandtering)
- resultat av brukarundersøkingar i kommunen
- andre forhold

## **Orienteringar i møtet:**

Kontrollutvalet har bedt om orientering om frå administrasjonen om følgjande saker:

1. Kva rutinar kommunen har for datasikkerheit og korleis Lærdal kommune sikrar at ein ikkje kan kome i same situasjon som ein – som sikrar at ein ikkje kjem i same situasjon som Østre Toten kommune der datainnbrot har medført store driftsproblem og store økonomiske konsekvensar. Kontrollutvalet ønskjer og å bli orientert om kva planar kommunen har i forhold til samarbeid med andre kommunar på IKT-området, sett i lys av at Aurland kommune har sagt opp den avtalaen som Aurland, Lærdal og Årdal i dag har på IKT-området.
2. Ei orientering om status på utbygginga i Håbakken. Kontrollutvalet ønskjer å bli orientert om status både i høve til framdrift og i høve til budsjett
3. Oppfølging av læringspunkta i forvaltningsrevisjonsrapporten knytt til offentlege innkjøp. Spesielt med fokus på innkjøpsregelverket og kva som er gjort for å sikre kompetanse kring dette og klare ansvarsforhold i høve til å sikre at kommunen overheld regelverket
4. Oversikt over vedtaka i kommunestyret i 2020 og i kva grad dei er gjennomført.
5. Oversikt over kva rutinar kommunen har for å sikre at ikkje offentleg informasjon vert lagt ut offentleg på postlista.



## Sakspapir

| Saksnr. | Utval                  | Møtedato   |
|---------|------------------------|------------|
| 013/21  | Administrasjonsutvalet | 10.06.2021 |
| 072/21  | Formannskapet          | 10.06.2021 |

|                           |        |                          |
|---------------------------|--------|--------------------------|
| Sakshandsamar: Gunn Lerøy | Arkiv: | Arkivsaksnr. 20/1098 - 7 |
|---------------------------|--------|--------------------------|

### Omstillingsprosjektet. Statusrapport og vegen vidare

#### Kort samandrag:

Med bakgrunn i prosjektmandatet som kommunestyret har vedteke, legg prosjektgruppa fram ein statusrapport som styringsgruppa skal vedta. Sjølve rapporten er kortfatta og bygger på analysemateriale frå Telemarksforskning, KOSTRA-nøkkeltal, Kommunebarometeret, egne kartleggingar og undersøkingar retta mot brukargrupper, medarbeidarar og dokumentanalyse av tidlegare gjennomførte omstillingsprosjekt i Lærdal kommune.

Etter ønskje frå kommunestyret ligg det føre eit framlegg til tidsplan med delvedtak (milesteinvedtak) i saka som skal godkjennast av formannskapet som er styringsgruppa for prosjektet.

#### Rådmannen si tilråding:

1. Formannskapet godkjenner statusrapport for omstillingsprosjektet slik den ligg føre.
2. Formannskapet godkjenner tidsplanen for prosjektet slik det går fram av saka.

**Vedlegg:**

Statusrapport omstilling (2) (1) (1) (002) (1) (1)  
Kommunebarometeret 2021. Foreløpig utgåve  
KOSTRA- og effektivitetsanalyse Lærdal kommune 2020  
agenda-kaupang-okonomisk-analyse-kommuner-2020


**Relevante dokument i saka****Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.****Saksutgreiing**

Prosjektgruppa har vore samla til fire møter, der det eine møtet vart nytta til ein grundig gjennomgang av analysmateriale med deltaking frå Telemarksforskning via teamsmøte.

Rådmannen har sjølv ført i pennen vedlagte statusrapport medan dei øvrige medlemmane har bidrege med innspel og gjennomføring av kartleggingar.

Prosjektgruppa har i arbeidet sitt vore oppteken av å sjå heilskapen i kommunen sitt styringssystem, og kva faktorar og aktivitet som utløyser økonomisk meir og/eller mindreforbruk. Kommunen har gjennom fleire år gjennomført ulike omstillings- og organisasjonsendingsprosjekt, og det er mykje materiale frå desse utgreiingane som gir god innsikt og kunnskap som er nyttig i omstillingsarbeidet. Noko har endra seg, men det er mykje av det som kjem fram i tidlegare kartleggingar som framleis er gjeldande. Her vil mellom anna organisasjonskultur spele inn, og korleis dette kan påverke utviklinga i positiv og/eller negativ lei.

Framlegg til tidsplan (milesteinplan)



### Økonomiske konsekvensar

Bakgrunnen for omstillingsprosjektet er utfordringar knytt til å få balanse i kommuneøkonomien i økonomiplanperioden, og dei økonomiske konsekvensane og effekten av prosjektet skal vere at kommunen når dei finansielle nøkkeltala som kommunestyret har vedtekne.

### Vurdering

Nyare og meir «moderne» omgrep for omstillingsprosessar, er innovasjon og berekraft, og me ser at nasjonale styresmakter er svært offensive overfor kommunane her. Uavhengig av omstillingsprosjektet og kva det vil medføre, jobbar organisasjonen for tida godt med berekraft når det gjeld miljø/klima, me er offensive i arbeidet med helsefremjande arbeidsmiljø og nærversfaktorar, og har fokus på tidleg innsats retta både mot barn, unge og eldre. Det siste handlar mykje om sosial berekraft.

Omstillingsprosjektet handlar mykje om prosess og samhandling, og viktigheita av å jobbe målretta og langsiktig. Kunnskap og forskning syner at dette kjenneteiknar kommunar som har god styring over tid.

SAK 12  
VEDLEGG 2



2021

# Statusrapport Omstillingsprosjektet

## Innhold

|   |    |
|---|----|
| Samandrag .....   | 2  |
| Forord.....   | 4  |
| Kva kjenneteiknar kommunar med god styring (kjelde: Agenda Kaupang 2021)..... | 5  |
| Økonomi og ressursbruk .....  | 5  |
| Pleie- og omsorg .....  | 6  |
| Helse.....  | 6  |
| Administrasjon .....  | 6  |
| Finans .....  | 7  |
| Tenestekvalitet.....  | 7  |
| Kvalitet i pleie- og omsorg .....   | 8  |
| Kvalitet i helse .....  | 9  |
| Kvalitet i grunnskulen .....  | 9  |
| Kvalitet i barnehagane .....  | 10 |
| Kvalitet for andre teneste i kommune.....                                     | 10 |
| Kommunen som arbeidsgjevar .....  | 11 |
| Grøne Lærdal .....  | 12 |
| Kjelder .....   | 14 |



## Samandrag

Som organisasjon er Lærdal kommune den største arbeidsplassen i Lærdal med 223 årsverk fordelt på om lag 300 tilsette. Kommunen skal yte lovpålagde tenester til innbyggjarane frå vogge til grav, vere forvaltningsorgan og lokal myndigheit, handtere store kriser og beredskapshendingar, arbeide for å utvikle samfunnet og næringslivet, leggje til rette for lokaldemokrati og folkevald styring, og handtere rolla som arbeidsgjevar for kommunen si største verksemd.

Lærdal kommune er rekna for å vere ein «høginntektskommune» i KOSTRA samanheng. Dersom ein inkluderer konsesjonskraftinntekter og eigedomsskatteinntektene i dei frie inntektene, har Lærdal kommune korrigererte frie inntekter som utgjer 109 prosent av landsnittet. Dette gjeld både i 2019 og 2020 inntektene, og går ein fleire år tilbake i tid har inntektsnivået vore enno høgare som følgje av kraftinntekter.

Med unntak av driftsåret 2020, har kommunen hatt negative driftsresultat, og gjeldsgraden har auka grunna store investeringar. Det positive er at kommunen har klart å bygge seg opp eit disposisjonsfond på 21 mill ved inngangen til 2021.

Kommunen har lagt bak seg nokre år med skiftande organisasjonsmodellar og hyppige omstillingsprosessar (Ny organisasjonsmodell i 2012, Omstillingsprosjekt i 2013 PwC, Sunn kommuneøkonomi 2016-2017, «Optimal organisering» i 2017, og innføring av ny organisasjonsmodell i 2018-2019 (frå tre til to nivå). Fokuset i desse prosessane har vore mykje på strukturelle grep og organisering, og iverksetting av ulike innsparingstiltak for å ta ned driftsnivået. Det har tilbake i tid vore gjennomført fleire nødvendige grep i helse- og omsorgstenesta med aukande satsing på heildøgn omsorgsbustader, satsing på heimebaserte tenester og nedbygging av institusjonsplassar. I 2017 blei skulestrukturen endra ved at Ljøsne skule blei lagt ned. Begge tiltaka har openbart gitt innsparing, og ført med seg ei meir effektiv drift.

Ulike kvalitetsmålingar som Kommunebarometeret og brukarundersøkingar tilseier at kommunen jamt over gir gode tenester til innbyggjarane, og omlag på snitt med landet. Høgast skåre får kommunen på tenester innan helse- og omsorg, medan barnevern og sosialtenesta kan synes å ha dei største utfordringane. Økonomisk har me den største ressursbruken knytt opp til helse- og omsorg, medan barnehagane og skulane har ressursbruk på linje med landssnittet eller litt under. Særleg ser me at barnehagane ligg lågt på ressursbruk, og har ei effektiv drift.

Organisatorisk har det periodevis gjennom fleire år vore stor gjennomtrekk av leiarar på ulike nivå i organisasjonen. Det kan vere noko av forklaringa på at kommunen har lege signifikant høgare når det gjeld sjukefråver samanlikna med landsnittet og nabokommunar, og er ein faktor som kan ha gitt kommunen meirkostnader til vikarbruk og overtid. Ei ustabil leiing gjer det meir krevjande å få til ei god styring, og særleg innan helse- og omsorg kan dette vere forklaring på store budsjettoverskridingar, og generelt høg ressursbruk. Forsking og kunnskap om leiing i helse- og omsorg underbyggjer desse forklaringane, det er ein kompleksitet i leiing av denne sektoren som krev tett oppfølging og gode støttefunksjonar.

Når det gjeld samfunns- og næringsutvikling har kommunen lukkast på fleire område, og samanlikna med ein del andre kommunar i regionen, har Lærdal eit variert arbeidsliv, og den geografiske plasseringa gir grei pendlaravstand til nabokommunar.

På den andre sida har folketalet vore synkande dei siste tiåra slik trenden har vore for mange distriktkommunar, og kommunen har utfordringar med fødselsunderskot fleire år på rad. Folketalet

ved inngangen til 2021 syner at kommunen har redusert folketalet med om lag 100 innbyggjarar totalt dei siste 10 åra, og i følgje dei mest sannsynlege prognosane frå Telemarksforskning og SSB, vil denne utviklinga halde fram uansett om ein legg til grunn høg, middels eller låg vekst. Lærdal kommune får ein sterk vekst i tal eldre i perioden frå 2024 og dei neste tiåra. Mange eldre lever lenge og klarar seg godt utan hjelp frå kommunen. Årsakene er mellom anna auka kunnskap om eiga helse, betre tilgang til velferdsteknologi, og nye behandlingmetodar i helsevesenet. Det er likevel slik at statistisk sett så vil ei dobling av tal eldre over 80 år som Lærdal kommune vil ha i 2040, føre med seg at fleire vil trenge hjelp frå helse- og omsorgstenesta. I tillegg vil færre i yrkesaktiv alder 20-66 år gjere det enno vanskelegare å rekruttere til helse- og omsorg.

Dersom kommunen ikkje klarar å snu trenden med fødselsunderskot og flytteunderskot, vil det bli færre barn i barnehagane og på skulen. Det vil bli behov for færre lærarar og andre yrkesgrupper ved skulane og barnehagane, og større behov for sjukepleiarar, vernepleiarar og omsorgsarbeidarar.

Desse demografiske utfordringane er i sum dei største for Lærdal, og det krevja ein felles innsats for å jobbe enno meir offensivt med samfunns- og næringsutvikling, og inngå partnerskap med frivillig sektor. Det vil vere heilt avgjerande at me kan få større fokus på kommunen si rolle som samfunnsutviklar, og internt i organisasjonen må fokuset på tenesteinnovasjon, endring og omstilling intensiverast.

## Forord

Lærdal kommune har vedteke å gjennomføre ein omstillingsprosess i 2021. Behovet for dette blei synleggjort i samband med økonomiplanprosessen, og det er lagt til grunn kostnadsreduksjonar med 2 % kvart år i perioden 2022-2024. I tillegg har Lærdal kommune store utfordringar knytt til endring av demografien og endra alderssamansetting med fleire eldre, færre i yrkesaktiv alder og færre barn i åra som kjem.

I regjeringa si perspektivmelding er det varsla trongare økonomiske rammer til kommunesektoren som følgje av vekst i utgiftsbehovet for helse- og omsorgstenester og auke i pensjonskostnadane. Samstundes vil skatteinntektene vekse saktare fordi sysselsettinga vil flate ut, og åra ein har hatt med auka i bruk av oljepengar for å få statsbudsjettet i hamn, ligg bak oss.

Frå sentrale styresmakter vert det gitt styringssignal til kommunane om å fokusere på omstilling og effektivisering av kommunale tenester. Berekraft og innovasjon er omgrep som vert mykje nytta overfor kommunesektoren. Kommunane skal vere berekraftige med omsyn til økonomi, sosiale tilhøve og klima/miljø.

Føremålet med statusrapporten er å gje eit best mogleg objektivt syn på kommuneøkonomien i Lærdal, kvalitet på tenestene og kva faktorar som påverkar dette, og synleggjere kommunen sine utfordringar no og fram i tid.

Rapporten skal medverke til betre innsikt i korleis ein nyttar ressursane i dag, og syne handlingsrommet for endringar.

## Kva kjenneteiknar kommunar med god styring (kjelde: Agenda Kaupang 2021)

Godt styrte kommunar er kjenneteikna av

- god tenestekvalitet
- låge kostnader
- gode finansar

Gode resultat kjem av hardt arbeid og god leiing over tid. I regjeringa si perspektivmelding, vert følgjande strategiar tilrådd til kommunane for å skape meir berekraftige velferdstenester:

- gode system for prioritering, trongare økonomi krev tydlegare prioriteringar
- kunnskapsbaserte ordningar og tenester
- fokus på førebygging og tilrettelegging
- ta i bruk ny teknologi og utnytte potensiale til å effektivisere
- privat medfinansiering av enkelte tenester
- tilpasse, fornye og eventuelt avvike ordningar som det ikkje er behov for

I intervju med dei kommunar som kjem best ut når det gjeld økonomi og tenestekvalitet kjem det fram at avgjerande suksessfaktorar er god samhandling mellom politikk og administrasjon, heilskaplege styringssystem, godt tverrfagleg samarbeid internt i kommunen, tidleg innsats og satsing på førebygging , og involvering av frivillige, lag og organisasjonar (Kjelde: Agenda Kaupang: Webinar 06.05.2021 om effektive kommunar og kva vi kan lære av dei)

## Økonomi og ressursbruk

Undersøkingar om ressursbruk i kommunesektoren syner at dei største variasjonane i ressursbruk mellom kommunar finn ein innan pleie- og omsorgssektoren. Dette er den største sektoren til kommunen, og store avvik her vil påverke kommunen sin totale økonomi. Pleie- og omsorgssektoren er i tillegg den tenesta kommunar flest har størst problem med å styre (Kjelde: Agenda Kaupang 2021: Økonomisk analyse av kommunane 2020)

Analysen som Telemarksforskning har levert til Lærdal kommune to år på rad er nyttig for å avdekke tenester som synes å ligg høgare i ressursbruk enn det behovet skulle tilseie. Tenester (funksjonar i KOSTRA-samanheng) som gjennomgående syner eit meirforbruk i ein slik samanheng, vil i utgangspunktet vere meir aktuelle for omstillings- og effektiviseringstiltak enn tenestene som ikkje har spesielt høgt forbruk.

Analysane på kommuneøkonomi avdekkar at Lærdal kommune for dei mest sentrale tenesteområda, samla hadde eit meirforbruk på ca. 12 mill. kr i 2020. I 2019 var meirforbruket talfesta til ca 16 mill. Det er særskilt innan pleie- og omsorg, helse og administrasjon som peikar seg ut med eit meirforbruk.

Også mindre tenesteeiningar som sosialteneste og barnevernsteneste ligg høgare i ressursbruk samanlikna med gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 5.

Nøkkeltala på finans frå 2020 syner eit høgare netto driftsresultat enn snittet både for KOSTRA-gruppa og landet, kommunen ligg litt under snittet for storleik på disposisjonsfondet og har ein høgare gjeldsgrad.

I analysen til Telemarksforskning er det teke høgde for at kommunane har ulikt utgiftsbehov som vert kompensert gjennom inntektssystemet. For Lærdal er utgiftsbehovet rekna ut til å vere 14 % høgare enn landsnittet, og det er innafor tenestene pleie- og omsorg, administrasjon og grunnskule der utgiftsbehovet er størst.

### Pleie- og omsorg

Utrekningane til Telemarksforskning syner at kommunen i 2020 hadde eit meirforbruk på 2,7 mill. Det er korrigert og teke høgde for at kommunen har større utgiftsbehov enn snittet. Meirforbruket er konsentrert om institusjonsplassar i pleie- og omsorgstenesta, og KOSTRA-tal syner at kommunen har høgare kostnader per opphaldsdøgn samanlikna med landsnittet og KOSTRA-gruppe 5. I Lærdal er utgifter per opphaldsdøgn rekna ut til å vere kr. 4489 medan snittet i KOSTRA-gruppe 5 er kr 3812 og snittet for landet kr. 4089.

Dekningsgraden for heimebaserte tenester for innbyggjarar over 80 år er om lag 43 %. Tilsvarende tal for snittet i KOSTRA-gruppe 5 er 34 %, og 29 % for landet. Dette gjev ein indikasjon på at kommunen har ei godt utbygd heimeteneste, og at terskelen for å få tidleg hjelp, er låg.

### Helse

Helse har det største avviket målt mot snitt med eit normert, og korrigert meirforbruk på 6,8 mill. Meirforbruket er knytt til behandling, diagnose og rehabilitering, og KOSTRA-tal syner at kommunen har høgare dekningsgrad når det gjeld tilgang til legeteneste og fysioterapeut. På den andre sida ligg kommunen legre enn snittet når det gjeld årsverk knytt til helsestasjon og skulehelseteneste.

Den høge ressursinnsatsen for Helse kan også ha samanheng med at kommunen er vertskommunen for Sogn Lokalmedisinske senter. Det er og grunn til å anta at kostnaden per innbyggjar for legevakteneste er høgare enn landsnittet ettersom det er vorte færre kommunar med i samarbeidet, her ser me at analysen til Telemarksforskning ikkje er tilstrekkeleg til å gje svar på dette.

### Administrasjon

Det er vanleg at mindre kommunar har høgare kostnader til administrasjon samanlikna med større kommunar på grunn av stordriftsfordelar. Tenester som inngår i denne funksjonen vil vere stillingar knytt til overordna strategisk leiing, økonomi, personal, arkiv, IKT og andre merkantile funksjonar. Også kjøp av konsulentbistand, advokattenester og revisjonstenester inngår i nøkkeltala for administrasjon.

Analysen til Telemarksforskning syner at kommunen har ein meirkostnad til administrasjon med kr 2 mill for reine administrative kostnader, og kr 1 mill til politisk styring.

I samanlikninga til Kommunebarometeret har Lærdal blant dei lågaste administrative kostnadane blant kommunane i regionen, og ein ser at både Aurland, Årdal, Hol og Hemsedal ligg høgare enn Lærdal.

Nøkkeltal for administrasjonskostnader er den kategorien i KOSTRA som det er hefta størst usikkerheit rundt fordi kommunane har eit visst handlingsrom til å fordele desse ut på tenesteiningane framfor å føre dei på sentrale funksjonar.

## Finans

Det er ikkje nok å være effektiv, dersom ein ligg dårleg an når det gjeld finansane. Underskot på drifta tære på fond, og fokuset blir meir på drift enn utvikling. Derfor er netto driftsresultat i prosent det viktigaste nøkkeltalet for ein kommune, og Lærdal har vedteke at driftsresultatet skal vere minimum 1,75 % av omsetnad.

Med unntak av fjoråret har kommunen jamt over hatt negative driftsresultat kvart år, og nivået på fond har vore legre enn det kommunane er tilrådd. Ubalanse i drifta er ofte grobotn til interne konflikhtar, difor er det svært viktig for Lærdal å ha balanse mellom inntekter og utgifter. Klarar ein å få til eit lite overskot kvart år til avsetning på fond, vil reservane auka og ein får frigjort ressursar til å utvikle kommunen framfor å bruke energien på ulike kutt- og sparetiltak. Fokus på fag og oppgaver gir meir motivasjon, det styrkar attraktiviteten vår som arbeidsgjevar og leiarane kjenner seg mindre pressa.

Gjeldsgraden til kommunen på ca 120 prosent er høgre enn kommunen si målsetting på 75 %. Ein sokalla stresstest syner at renteoppgang på 1 % vil gje om lag 3 millionar årlege meirkostnader i rente. Auke i rentekostnader må finansierast av drifta og det synleggjer behovet for å redusere gjelda. Difor må investeringsnivået dei komande åra vere legre enn det har vore, og ein må nedbetale meir gjeld enn det ein tek opp i nye lån. Kommunen har eit nærings- og konsesjonsfond som ved inngangen til 2021 var i ca 6,6 mill. Her kjem det løpande, indeksregulerte utbetalingar kvart år som utgjer ca 7,8 millionar i 2021.

Nærings- og konsesjonsfondet kan i større grad enn tidlegare praksis nyttast til investeringar knytt til næringsareal, sentrumstiltak m.m. slik at framtidige låneopptak blir prioritert til investeringar som ikkje kan finansierast med dette fondet. Ved ein eventuell renteoppgang er det også høve til å finansiere meir av kostnadane til rente- og avdrag for låneopptak til næringsretta investeringar.

## Tenestekvalitet

Det er ikkje lett å måle kvalitet på kommunale tenester. Til dømes vil gode helsetenester vere kjenneteikna av at ein får rett behandling til rett tid, og at ein får tilgang autorisert fagpersonell, t.d. fysio/ergoterapeut og lege. Det er ulike indikatorar og kategoriar for måling av kvalitet

### *Resultatkvalitet*

Skal seie noko om nytten av tenesta. I skulen vert dette målt med t.d. nasjonale prøvar og grunnskulepoeng. Ein anna måleindikator kan vere effekt av behandlingsmetodar i helse, trivsel blant elevar i grunnskulen og barn si språklege utvikling i barnehagen.

### *Prosesskvalitet*

Eit døme på dette er at rutinane for sakshandsaming vert følgt, og at det vert utarbeida individuelle planar for brukarar med samansette behov, og at det er godt samarbeid mellom heimen og skulen/barnehagen.

### *Strukturkvalitet*

Kompetansen til tilsette, normtal for tal tilsette per brukar t.d. pleiefaktor på sjukeheimen eller lærartettleik i skulen, og gruppestorleik samt inne- og uteareal i barnehagen.

Kommunesektoren er lovregulert, og det meste av det ein driv med innan helse- og omsorg, oppvekst, teknisk, kultur og forvaltning er styrt av forskrifter og styringsdokument.



Handlingsrommet til kommunane er mindre enn tidlegare på grunn av innføring av sentrale reformer, t.d. innføring av pedagognormen i barnehagane og skulane, lovpålagte ordningar som BPA (brukarstyrt personleg assistanse) i helse- og omsorg, gratis kjernetid i barnehagen og innføring av nye lovpålagte krav, t.d. at alle kommunar skal ha eigen kommunepsykolog og ergoterapeut frå 1. januar 2020.

Den brukaropplevde kvaliteten kan best målast ved gjennomføring av brukarundersøkingar, brukardialog og kvalitative intervju. I barnehagane og ved skulane har det vore tradisjon for å gjennomføre slike undersøkingar retta mot både elevar, foreldre og lærarar, men det har ikkje vore systematikk i kor ofte og kva tid på året det vert gjennomført. I helse- og omsorg har det ikkje vorte gjennomført brukarundersøkingar tidlegare, og det er ikkje implementert i kvalitets- og styringssystemet. Med i utgangspunkt i omstillingsarbeidet er det nyleg gjennomført to brukargruppeintervju for eit utval av pårørande og brukarar i pleie- og omsorgstenesta. I gjennomføringa er det nytta ein metodikk for fokusgruppeintervju, og det er leiar for flyktingtenesta og konsulent i stab/støtte som står for opplegget. Det er viktig at det ikkje er dei tilsette i tenesta som gjennomfører dette, og at brukarane kan få vere anonyme i enkeltutsegn.

Den brukaropplevde kvaliteten er viktig i eit heilskapleg styrings- og kvalitetssystem, og kommunen bør gjennomføre regelmessige brukarundersøkingar/brukardialog minimum annakvart år for dei mest sentrale tenestene. I helse- og omsorg kan pårørande vere ei viktig målgruppe for bebuarar ved sjukeheimen, i tillegg til dei brukarane som får heimebaserte tenester. Tilbakemeldingar frå brukarar kan gjennomførast og systematiserast på ulike måtar.

Også pårørande til utviklingshemma er ei viktig brukargruppe som kommunen bør ha regelmessig brukardialog med for å få tilbakemelding om det som er bra, og kva som eventuelt kan forbestrast.

I denne statusrapporten legg me til grunn resultatata i Kommunebarometeret for 2020 i tillegg til brukarundersøkingar, lokal kunnskap og eigne kvalitetsrapportar. Fokuset er mest på kjernetenesta i kommunen innan helse- og omsorg, og oppvekst.

### Kvalitet i pleie- og omsorg

Dei viktigaste nøkkeltala i kommunebarometeret for å måle kvalitet i pleie- og omsorgstenesta er andel tilsette med fagutdanning, andelen av bebuarar med omfattande hjelpebehov og andel skjerma plassar i sjukeheim/institusjon.

I Lærdal har 81,3 prosent av dei tilsette fagutdanning. I dei beste kommunane er andelen 97,5 prosent. Samanlikna med landsnitt kan det tyde på at ein har litt for få plassar ved skjema eining.

God tilgang på korttidsplassar i institusjon er positivt, blant anna for å gi avlastning til pårørande. I Lærdal er andelen 21,34. I Lærdal fikk bebuarane i snitt 52,8 minutt med lege i veka i fjor som er vesentleg høgare enn landsnittet medan tida med fysioterapeut er legre. I Lærdal er 100 prosent av sjukeheimplassane rekna som moderne einerom. Det gir kommunen høg skår på dette nøkkeltalet samanlikna med andre kommunar. Målt mot kor mange over 80 år som bur heime, er andelen registrerte tryggleiksalarmar i kommunen 68,8 som er høgare enn landsnittet, og det er fleire heimebuande i Lærdal som nyttar seg av ordninga med matombringning.

Kommunen har fleire sjukepleiarar som har teke vidareutdanning, men ein manglar geriatriske sjukepleiarar som er ein viktig kompetanse i eldreomsorga.

Brukarar i bu- og miljøtenesta er organisert som eiga tenesteeining, men i nøkkeltala til KOSTRA vil mange av tenestene som blir gitt, vere registrert under pleie- og omsorg og under helse.

## Kvalitet i helse

Dei tyngste nøkkeltala i Kommunebarometeret for å måle kvalitet i helsetenesta er legedekning, dekning av helsesjukepleiar, skulehelse, heimebesøk og vaksinasjonsgrad. Handteringa av koronapandemien har teke mykje av merksemda i helsetenesta i 2020 .

Lærdal brukte 551 kroner per innbyggjar over 4 år til førebyggjande helsearbeid i 2020. I Lærdal fekk 100 prosent av dei nyfødde i kommunen heimebesøk innan to veker i 2020 og 100 prosent av borna helseundersøking innan utgangen av 1. skuletrinn. Lærdal har god dekningsgrad for jordmorressurs, og det er ledig plass på 50 prosent av fastlegelistene. Kommunen ligg greit på dette nøkkeltalet samanlikna med andre kommunar.

Målt mot folketalet er det 44,2 psykiatriske sjukepleiarar per 10 000 innbyggjarar i Lærdal kommune.

Lærdal har over tid og gjennom mange år hatt ustabil legedekning, og har brukt vikarbyrå kvart år for å dekke opp faste legestillingar.

## Kvalitet i grunnskulen

Nasjonalt har karakterane på 10. trinn auka jamnt og trutt dei siste åra, og i fjor låg dei på 41,7 poeng. Avgangskarakterane på 10. trinn i Lærdal er til samanlikning på 42,8 poeng.

I Lærdal ligg 22,9 prosent av elevane på 5. trinn dei siste fire åra på lågaste mestringsnivå (av tre) på nasjonale prøvar. Normalen i Kommune-Norge er på 28,3. På 8. trinn ligg 3,3 prosent av elevane på det nederste mestringsnivået (av fem nivå). Dei beste kommunane ligg på 3,3 prosent, og gjennomsnittskommunen ligg på 10,02.

Andelen lærarar som fyller kompetansekrava i norsk, engelsk og matematikk har auka nasjonalt, og 79,4 prosent av norsklærarane, matematikklærarane og engelsklærarane fylte i 2020 kompetansekrava i barneskuletrinnet. I Lærdal er andelen nede i 56 prosent av dette kravet. Ein del lærarar i barneskulen i faga norsk, engelsk og matematikk i kommunen manglar fordjuping. På ungdomsskulen fyller 77,8 prosent av lærarane i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordjuping i faga på landsbasis. I Lærdal ligg andelen på 88,9 prosent.

Ifølge Elevundersøkinga seier 92 prosent av elevane på 7. trinn i Lærdal at dei trivst godt, på landsbasis er tilsvarende verdi på 84,7 prosent. Elevundersøkinga viser kva elevane er nøgde med og kva dei er mindre nøgde med. Undersøkinga er gjennomgått i personalgruppa trinnvis og skal takast opp i SU. Elevane skal òg få informasjon og få uttale seg om tiltak som kan settast i verk.

Dei fyrste spørsmåla elevane møter i undersøkinga er: Trivst du på skulen? Har du nokon å vere saman med? På desse spørsmåla svarar elevane at dei trivst på skulen og ingen svarar at dei ikkje har nokon å vere saman med. I tillegg syner undersøkinga at det er liten grad av mobbing i Lærdal. Når det kjem til forbetningspunkt syner undersøkinga eit forbetningspotensial på:

- Elevmedverknad
- Variasjon i undervisninga
- Lik praksis/handheving av reglar
- Uteområde
- Skulehelsetenesta

Når det gjeld spesialundervisning ligg Lærdal høgt samanlikna med landssnittet. Her har det gjennom nokre år vore auka fokus på tilpassa opplæring på landsbasis, og mange skular har lukkast med å redusere omfanget samstundes som elevane får ei tilpassa opplæring i klasserommet.



Omfanget av spesialundervisning og måten det blir gitt på, er framleis ei utfordring for Lærdal kommune.

### Kvalitet i barnehagane

I 2020 var gjennomsnittleg bemanning i kommunale barnehagar 5,2 barn per vaksen i 2018 medan tilsvarande tal for Lærdal var 5. Barnehagenorma som blei innført frå 1. august i 2018 set krav om at barnehagane skal ha ei grunnbemanning som tilsvarar minimum éin tilsett per tre barn under tre år og éin tilsett per seks barn over tre år.

Andelen kommunale barnehagar som oppfyller pedagognorma, utan dispensasjonar, var i fjor på 70,2 %. I Lærdal er det kun ein tilsett i den eine av dei to barnehagane som har dispensasjon for inneverande barnehageår. 42,1 prosent av dei tilsette i Lærdal har pedagogisk utdanning. Normalen i Kommune-Norge er 42,5 prosent. Andelen menn tilsett i barnehagar er stabilt, nasjonalt er talet på 9,1 prosent. Andelen menn som jobbar i barnehagane i Lærdal er på 13,2 prosent. Dei beste kommunane ligg på 26,7 prosent menn.

Andelen av barn med minoritetsbakgrunn som går i barnehage, har auka mykje dei siste åra nasjonalt. Den nasjonale trenden er på 85,9 prosent. I Lærdal går 81,3 prosent av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage.

Barnehagane har gode rutinar for å gjennomføre foreldreundersøkingar, og det er mykje positive tilbakemeldingar frå foreldra på barnehagetilbodet i Lærdal kommune.

I siste undersøking kom det fram følgjande forbetningspunkt som ein jobbar vidare med:

- Informasjon
- Innemiljø
- Uteområde

### Kvalitet for andre teneste i kommune

Kommunen har eit variert kulturliv, og har høg skore på kulturindeksen. Kommunen er kjend for kulturminne og kulturlandskap, og har eit eige kunstsenter og kommunal kino.

Det er mange lag og organisasjonar som bidreg til eit aktivt kulturliv. Idrettslaget er ein viktig bidragsytar, og her ser prosjektgruppa viktigeita av å støtte pådrivarar og eldsjeler, kanskje enno meir enn det som blir gjort i dag. Særleg er tilbodet retta mot barn og unge viktig i kultursamheng, og støtte både i form av positiv merksemd og tilskot, kan gjere ein skilnad.

I den siste Ungdataundersøkinga er det avdekka at av dei eldste ungdommane er andelen som er misnøgde med lokalmiljøet sitt, høgare i Lærdal enn i landet elles. Dette kan vere ein indikasjon på at det ikkje er satsa godt nok på oppvekst og fritidstilbod for ungdom dei siste åra, det kan også vere uttrykk for andre ting.

Kulturskuletilbodet har tradisjonelt vore svært bra i Lærdal, no ser me at det svingar litt grunna utskifting i personalgruppa, og koronaen har skapt ekstra utfordringar. Kulturskuletilbodet er eit svært viktig tilbod for born og unge i Lærdal som det er behov for å satse på.

Lærdal har noko lågare utlånstal for bøker på biblioteket samanlikna med landsnittet, men det har auka det siste året og går i positiv lei. Biblioteket har satsa mykje på å vere ein sosial møteplass, og er langt framme i bruk av sosiale media.

Det er også ei felles oppfatninga av at tekniske tenester er godt utbygd, Lærdal har flotte idrettsanlegg, og eit nytt teknisk bygg på Bergo stod klart ved nyttår. Det er i tidlegare kartleggingar peika på at kommunen eig ein stor bygningsmasse, og at sal av fleire bygg/eigedommar vil frigjere kapital og redusere kostnader til vedlikehald. Uavhengig av omstillingsprosjektet er dette noko administrasjonen jobbar med, og målet er å få færre bygg og få til ei betre utnytting av eksisterande bygg.

Tilbakemeldingar som omhandlar teknisk ut frå no-situasjonen, er at dei har gjort forbetringar i leiings- og styringssystema sine, det er meir dokumentasjon og struktur enn det som har vore tilfelle tidlegare, og avvika som forvaltningsrevisjonsrapporten avdekka i 2020, er langt på veg utbetra. Det er etablert ny rutine for årlege vedlikehaldssynfaringar som blir kombinert med vernerunde på hausten.

Nivået på kommunale avgifter i Lærdal kommune er relativt lågt; i 2020 var avgifta på kr. 13226 per husstand, og det plasserer kommunen på den øverste halvdelen av dei rimelegaste kommunane i landet. Spennet på avgifter (inkl. e-skatt)varierer frå dei rimelegaste kommunane som betalar mellom 8 og 9000 i året, til dei dyraste som har avgifter på over kr. 23000 for ein husstand i året.

## Kommunen som arbeidsgjevar

Det er kommunestyret som har det overordna ansvaret for å sette retning i arbeidsgjevarpolitikken, til dømes ved å vedta ein arbeidsgjevarstrategi. Det er rådmannen som har det løpande personalansvaret for den enkelte inkludert tilsetjing, oppseiing, avskjed m.v., og ny kommunelov forsterkar skilje mellom politikk og administrasjon, og rådmannen sitt sjølvstendige ansvar for den administrative leiarfunksjonen.

Ein tydelig arbeidsgjevarstrategi kan medverke til ei god rollefordeling mellom dei folkevalde sitt ansvar og rådmannen si utøvande rolle som arbeidsgjevar, og ein strategi kan sette ein standard for felles haldningar, omdømmebygging (som er viktig rekrutteringsarbeidet) og etikk.

I 2019 blei det utarbeida ein strategisk kompetanseplan for Lærdal kommune som er eit godt verktøy for å vidareutvikle kompetansen i organisasjonen og jobbe meir strategisk med rekruttering og årlege handlingsplanar.

Kommunen har både i 2017 og i 2019 gjennomført KS sin medarbeidarundersøking (10-faktor), og ein jobbar gradvis med årshjulet og kvalitetssystemet Compilo der alt av handbøker, prosedyrar og avvik er samla og registrert. Det som framleis er mangelfullt er dokumentasjon av risikovurderingar (ROS-analysar), og systematikk i dette arbeidet.

Målet med diskrimineringslova er å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar og å hindra diskriminering basert på etnisk bakgrunn, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Selskapet arbeidar aktivt, målretta og planmessig for å fremja lova sitt mål innanfor vår verksemd. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, karriere, utviklingsmoglegheiter og vern mot trakassering. Selskapet har også som mål å vera ein arbeidsplass der det ikkje førekjem diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.

- Okken Kraft Holding AS har 5 møtande styremedlemmar, to menn og tre kvinner.
- Styret i Okken Kraft har 5 møtande styremedlemmar, to menn og tre kvinner.
- Styret i Lærdal Energi AS har 6 møtande styremedlemmar, fire menn og to kvinner.
- Styret i Kuvelda Kraft AS har 5 møtande styremedlemmar, tre menn og to kvinner.

## Ytre miljø

Selskapets verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

## Fortsett drift

I samsvar med rekneskapsloven § 3-3 stadfestar styret at forutsetningane for vidare drift er tilstade.

## Disponering

Årsresultat til morselskap er kr. 4 800 119,- med følgande disponering:

Utbytte NOK 3 000 000,-

Overføring annan eigenkapital NOK 1 800 119,-

Lærdal 26.05.2021

**Morten Karlsen**  
Styreleiar

**Atle Terum**  
Styremedlem

**Anne Stine Hovland**  
Styremedlem

**Trine Grøtnebø**  
Styremedlem

**Siri Lagmannsås**  
Styremedlem

**Knut Skår**  
Dagleg leiar

## Fråvær i Lærdal kommune

Lærdal kommune har hittil i år eit sjukefråvær på


| Ansvar                  | Hittil i år | Sist møte |  |  |  |
|-------------------------|-------------|-----------|--|--|--|
| 110 Rådmann             | 0,62%       | 0,79%     |  |  |  |
| 114 Plan og forvaltning | 0,00%       | 0,00%     |  |  |  |
| 129 Oppvekst            | 9,53%       | 9,86%     |  |  |  |
| 130 Bu- og miljøtenesta | 12,30%      | 10,78%    |  |  |  |
| 131 Helse               | 4,05%       | 5,18%     |  |  |  |
| 132\135 Nav-flykt       | 10,69%      | 8,57%     |  |  |  |
| 133 PLO                 | 7,00%       | 7,18%     |  |  |  |
| 136 Sogn LMS            | 17,09%      | 19,83%    |  |  |  |
| 151 Kultur              | 0,83%       | 0,24%     |  |  |  |
| 162\163 Teknisk-VAR     | 6,08%       | 6,11%     |  |  |  |
|                         |             |           |  |  |  |
|                         |             |           |  |  |  |

## Lærdal bu- og omsorgsheim

Eigenmeldingar siste 12 månader 1,69%

Sjukmeldte siste 12 månader 2,94%


| Område | Enhet                    | Totalt              |
|--------|--------------------------|---------------------|
| Alle   | 13301:LAS, 13302:Kjøk... | Hittil i år: 4,93%  |
|        |                          | Siste 12 mnd: 4,69% |



## Heimesjukepleie og heimehjelp

Eigenmeldingar siste 12 månader 1,24%

Sjukmeldte siste 12 månader 8,43%



## Lærdalsøyri barnehage

Eigenmeldingar siste 12 månader 2,11%

Sjukmeldte siste 12 månader 8,15%



## Lærdalsøyri skule

Eigenmeldingar siste 12 månader 1,67%

Sjukmeldte siste 12 månader 10,64%



Tal årsverk mars 215,93%

Tal tilsette mars 277

Kostnader ved frávær i Lærdal kommune, siste 12 månader kr 4 507 295.-

Kostnader pr. mnd., siste 12 månader kr 375 608.-

## **Ledige stillingar, nytt i einingane og permisjonar:**

### PLO

Mari Klingenberg er tilsett som fagkoordinator ved pleie- og omsorg. Ho tek til i stillinga 23.august.

### Rådmannskontoret

Janne Marie Reppen startar i 50% stilling ved stab/støtte 9.august.

### Oppvekst

Oppvekst i Lærdal har fleire stillingar ledige. Me er inne i ein tilsetjingsprosess.

### Bu- og miljøtenesta

Det er lyst ut fire stillingar i Bu- og miljøtenesta. Det er komen inn 10 søkjarar, tre dagar til søkjarfristen er ute.

### Nav/flyktingtenesta

Sarah Askvik har starta i eit engasjement ved Nav. Skal jobbe med Springbrettet.

Det er lyst ut eit engasjement ved vaksenopplæringa med frist 10.juni.

### Plan og forvaltning

Lyst ut ein 100% stilling som landmålar/matrikkelførar. To søkjarar, intervju i veke 23.



AGRO TECH MARK BROOKS  
v/innehaver Mark Brooks  
Postboks 103  
6886 LÆRDAL

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Arnt Erik Nordheim, 5764 3191

SAK 12  
VEOLEH 9

## Vedtak i klagesak om overtredelsesgebyr, oppføring av brakkebygg på gbnr. 15/3, Lærdal kommune

Vi viser til oversending fra Lærdal kommune 15.02.2021, som gjelder klage på administrativt vedtak 28.01.2021. Saksdokumentene kom inn til oss 26.03.2021. Kommunen har gitt fristoppreisning for klagefristen. De øvrige vilkårene for å behandle saken er oppfylt.

### Vedtak

**Statsforvalteren i Vestland opphever vedtaket fra Lærdal kommune 29.08.2019, sak 118/19.**

### Sakens bakgrunn

Sakshistorikken forutsettes kjent. Bakgrunnen for saken og de faktiske hendelsene den bygger på, er bl.a. gjengitt i kommunens vedtak 29.08.2019. Vi refererer et kort utdrag:

*«...10 august 2018 losna det eit steinskred frå fjellet Kvitaberget over garden Voll i Lærdal. To bustadbrakker på naboeigedomen vart råka vart råka av steinar, med store påfylgjande store skader. I eine bustadbrakka oppholdt det seg sesongarbeidera, som klarte å redde seg ut før steinane traff brakka. Det var ikkje gitt løyve til oppføring av brakkene, og dei var plasserte i eit område som var registrert som aktsomheitsområde for skred.»*

Som eier av brakkene og eiendommen gbnr. 15/3 ble du kalt inn til møte med kommunen. Møte ble avholdt 01.03.2019, med påfølgende varsel om overtredelsesgebyr på inntil kr. 200 000,-<sup>1</sup>

I merknaden til varselet redegjør du for hvordan gbnr. 15/3 ble dyrket og tilrettelagt for produksjon av moreller i 2015. Brakkene i saken ble kjøpt i juni samme år og plassert midlertidig på eiendommen, i første rekke som lagring. Tiltenkt permanent plassering var et grustak ca. 150 meter lenger sør, men dette kunne foreløpig ikke benyttes pga. forurensede masser i grunnen.

<sup>1</sup> Jf. pbl. § 32-8 bokstav b, og forskrift om byggesak (SAK10) § 16-1 bokstav a nr. 3.





Du var ukjent med, og er heller ikke blitt varslet om, NVE sin skredrapport for Lærdal kommune (2016).<sup>2</sup> Ettersom Lærdal er en liten kommune, antar du at kommunen tidlig ble kjent med brakkene. Du mener derfor du burde ha blitt veiledet og varslet lenge før hendelsen i august 2018. Det var ellers ekstraordinære utfordringer med avlingen/innhøstingen 2018, som gjorde at du tillot de tre sesongarbeiderne å bo i brakkene – i stedet for i campingvogn som planlagt, og kun i om lag én måneds tid. Du mener for øvrig det virker åpenbart at du hadde fått tillatelse til brakkene i 2015, dersom du hadde søkt på dette tidspunktet, før NVE sin rapport.

Lærdal formannskap behandlet saken i møte 29.08.2019, sak 118/19, og ila Agro Tech Mark Brooks (ENK) overtredelsesgebyr i medhold av pbl. § 32-8 bokstav b, stort kr. 200 000,-. Underretning om vedtaket ble sendt 04.09.2019.

#### Klagesaken, slik den står for vår behandling

Vedtaket i sak 118/19 ble ikke påklaget før i august 2020. Klagen gjelder i hovedsak gebyrutmålingen.

I klagen gjentar du – som privatperson:

- at faren var ukjent,
- at brakken kun var i bruk til overnatting en kortere periode i 2018,
- at arbeiderne opprinnelig var tenkt innlosjert på annen måte, og
- at foretaket allerede har hatt tap pga. skadene på brakkene.

I tillegg mener du at Agro Tech ikke er rett adressat for gebyret. Både brakkene og gbnr. 15/3 eies av deg personlig. Gebyrrammen for privatpersoner er inntil kr. 100 000,- jf. SAK10 § 16-1 første avsnitt. I tillegg mener du at gebyret ikke kan settes til det maksimale i denne saken. Du godtar likevel gebyret dersom det stiles til deg personlig, og utmålingen settes til 50 % av «nivå tre», altså kr. 50 000,-.

Lærdal kommune behandlet klagen i møte 28.01.2021, sak 8/21, men fant ikke grunn til å ta klagen til følge. Saken ble deretter oversendt hit for endelig klagebehandling.

#### **Regelverk**

Statsforvalteren i Vestland er delegert myndighet til å avgjøre klager på enkeltvedtak etter plan- og bygningsloven, se plan- og bygningsloven § 1-9 og rundskriv T-2/09 fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Statsforvalteren kan prøve alle sider ved vedtaket, også de skjønsmessige vurderingene som kommunen har gjort, jf. forvaltningsloven § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnnet skal Statsforvalteren legge stor vekt på hensynet til det lokale selvstyre.

Kommunen har plikt til å følge opp forhold som er i strid med plan- og bygningsloven. Dersom avviket er av mindre betydning, kan kommunen avstå fra å følge opp forholdet jf. plan- og bygningsloven § 32-1.

Med hjemmel i plan- og bygningsloven § 32-8 kan kommunen gi overtredelsesgebyr til den som forsettlig eller uaktsomt prosjekterer, utfører, bruker, ikke oppfyller mottatte pålegg eller gir feil opplysninger i strid med plan- og bygningsloven, jf. § 32-8 bokstav a til l. Kommunen har ikke plikt til å ilegge gebyr selv om vilkårene er oppfylt.

Vedtaket om overtredelsesgebyr skal forhåndsvarsles i særskilt varsel, jf. § 32-8 tredje ledd. Gebyret tilfaller kommunen. Frist for oppfylting er fire uker fra vedtaket blir gjort, med mindre annet er

<sup>2</sup> <https://www.nve.no/flaum-og-skred/kartlegging/faresonekart-kommuner/vestland/laerdal-kommune/>





særskilt fastsatt. Endelig vedtak om overtredelsesgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. tvangsfullbyrdelsesloven § 7-2.

Nærmere bestemmelser om størrelse og utmåling av overtredelsesgebyr er gitt i forskrift om byggesak (SAK10) kapittel 16. Sanksjonene som kommunen gir skal samordnes og stå i rimelig forhold til det ulovlige tiltaket, jf. plan- og bygningsloven § 32-10.

### Statsforvalterens vurdering

Overskridelsen av klagefristen er vesentlig. Klagen er sendt nær innpå ett år etter vedtaket i kommunen, men ikke over den absolutte fristen for behandling i forvaltningsloven § 31 siste ledd. Vi mener du kan lastes for oversittelsen og passiviteten, selv om du angivelig skal ha blitt lovet et oppfølgingsmøte etter vedtaket i 2019.

Statsforvalteren kan likevel ta saken til behandling dersom det av «*særlige grunner*» er rimelig at klagen blir prøvd, jf. forvaltningsloven § 31 bokstav b. I lys av saken, den inngripende virkingen, karakteren av straff og behovet for rettslig avklaring, mener vi at fristoppreisning kan gis. Vi legger også vekt på at ingen andre aktører blir berørt av at saken tas til behandling.

Vi går nå videre til klagen, herunder gyldigheten av overtredelsesgebyret og gebyrrammen.

#### 1. Den gebyrbetingede handlingen

Det er ikke tvilsomt at brakkene i denne saken var en søknadspliktig plassering av byggverk. Midlertidige plasseringer er bare unntatt søknadsplikt dersom tiltaket ikke skal stå lenger enn to måneder, jf. plan- og bygningsloven § 20-5 fjerde ledd. For midlertidige plasseringer inntil to år kan tiltakshaveren selv stå som ansvarlig, jf. § 20-4 bokstav c. Plassering utover to år krever derimot søknad og prosjektering fra et kvalifisert foretak.<sup>3</sup>

Brakkene i denne saken faller inn under det siste alternativet, ettersom de var plassert på samme sted fra 2015 til 2018. Kommunen har ikke sanksjonert spesifikt for bruddet på ansvarsbestemmelsene, men tatt dette med i den samlede vurderingen.

Det sentrale er likevel bruddet på søknadsplikten, og de underliggende bestemmelsene som søknadsplikten er ment å sikre. En søknad i tråd med loven ville bl.a. avdekt at området var utsatt for skred, jf. plan- og bygningsloven § 29-5 og byggt teknisk forskrift (nå TEK17) kapittel 7.

Plasseringen av brakkene på gbnr. 15/3 rammes i alle tilfeller av gjerningsbeskrivelsen i plan- og bygningsloven § 32-8 bokstav b «... *utfører... tiltak uten at det foreligger nødvendig tillatelse etter denne lov*». Overtredelse kan sanksjoneres med overtredelsesgebyr i medhold av samme bestemmelse.

Det neste spørsmålet blir dermed om overtredelsesgebyret er ilagt i tråd med loven, nærmere bestemt om framgangsmåten for slik forfølgelse er fulgt.

#### 2. Spørsmålet om rett adressat. Gebyrrammen

For brudd som kan medføre uopprettelig skade eller fare for dette er gebyrrammen inntil kr. 200 000,- for foretak, jf. SAK10 § 16-1 første ledd bokstav a nr. 3. Rammen er for privatpersoner er inntil halvparten, altså kr. 100 000,-.

<sup>3</sup> Pbl. § 20-3, jf. § 20-1 første ledd bokstav j.



Det er klart at gebyrrammen denne saken hører til under «nivå 3». Slik vi oppfatter saken, er det rene tilfeldigheter som gjorde at hendelsen i august 2018 ikke fikk et enda mer alvorlig utfall.

For forfølgningen og utmålingen er det derimot helt avgjørende om foretaket ditt kan holdes ansvarlig. Vi tar derfor først stilling til anførselen om at du må bedømmes som privatperson, ikke som et foretak.

Hjemmelen for å rette gebyret mot foretaket framgår av plan- og bygningsloven § 32-8 femte ledd. Forutsetningen for slik «foretaksstraff» er at handlingen er begått av noen som har handlet «*på vegne av et foretak*».

I enkeltpersonforetak (ENK) er det nær sammenheng mellom foretaket og deg som fysisk person, både rettslig og risikomessig. Enkeltpersonforetak er ikke et eget juridisk subjekt. Det er følgelig heller ingen begrensning i personlig ansvar for deg som innehaver av foretaket. Foretakssanksjoner kan likevel brukes mot ENK, jf. forvaltningsloven § 46 første ledd, men ikke mot ENK som ikke har andre ansatte eller oppdragstakere enn innehaveren selv.<sup>4</sup>

Begrunnelsen for at et ENK må ha ansatte for å kunne motta foretaksstraff, er den samme som begrunnelsen for selve ansvarsformen. Formålet med foretakssanksjoner er ikke å *erstatte* det individuelle ansvaret, men å *supplere* dette. Det er selve virksomheten og måten den drives på som sanksjoneres. Forenklet sagt er det tale om et slags strafferettslig organ- og arbeidsgiveransvar.<sup>5</sup>

Denne begrunnelsen treffer ikke så godt i saken. Agro Tech hadde riktignok sesongansatte, men vi oppfatter at dette er kortvarige engasjementer. Selve den gebyrbetingende handlingen er utført av deg som innehaver. Det er heller ikke driften av Agro Tech som er straffverdig i denne saken, slik som f.eks. ved handlinger utført av et prosjekterende og/eller utførende bygningsforetak, men selve handlingen ved å plassere brakkene lovstridig. At brakkene er kjøpt til næringsformål er ikke uten videre avgjørende.

Handlingene er begått av deg som innehaver, uten at virksomheten ifølge foretaksregisteret har faste ansatte.<sup>6</sup> Det følger da som nevnt av både lovforarbeidene og av rettspraksis at «foretaksstraff» ikke kan gis (note 4).

Vi har derfor tatt klagen til følge på dette punktet, og er enige i at ansvaret eventuelt må gjøres personlig.

Gebyrrammen er dermed kr. 100 000,-, og ikke kr. 200 000,-, slik kommunen har lagt til grunn. Videre er det en feil at varsel og sanksjon rettet mot foretaket, og ikke mot deg personlig. Statsforvalteren kan etter vårt syn ikke endre adressaten for gebyret ifm. klagebehandlingen. Dette ville være et nytt forhold, og dermed ensbetydende å gå utenfor «*saken*» i forvaltningslovens forstand, jf. fvl. § 34.

Vi kommer derfor til at gebyret må oppheves på grunn av feil adressat, idet plan- og bygningsloven § 32-8 femte ledd ikke gir hjemmel for å rette overtredelsesgebyr mot Agro Tech. Opphevingen er ikke til hinder for ny forfølgning og personlig ansvar, om kommunen kommer til at vilkårene for dette ellers er oppfylt.

<sup>4</sup> Ot.prp.nr. 45 (2007-2008) s. 356, jf. Rt. 2007 s. 785 (avsn. 16)

<sup>5</sup> Smln. strl. § 27 m/kilder.

<sup>6</sup> <https://proff.no/selskap/agro-tech/l%C3%A6rdal/jordbruk/IGAQ1RW100F/>



Klagen har ført fram.

### 3. Andre forhold. Vernet mot selvinkriminering.

Selv om gebyret må oppheves, er det grunn til å kommentere enkelte andre sider ved saken. Statsforvalteren viser bl.a. til at ny forfølgning ikke kan utelukkes, selv om vi samtidig presiserer at kommunen ikke har noen plikt til dette.

Statsforvalteren vil særlig poengtere betydningen av at overtredelsesgebyret er en straffelignende sanksjon. Overtredelsesgebyr er ikke straff i grunnlovens forstand, men omfattes av det utvidede straffebegrepet etter den europeiske menneskerettighetskonvensjonen (EMK) art. 6.<sup>7</sup> Det at vedtak om illeggelse er straff etter EMK gjør at saksbehandlingen må være påpasselig, og at rettighetene dine må ivaretas. Ikke minst gjelder dette vernet mot selvinkriminering, det vi si retten til å forholde seg taus, og til avstå fra å komme med opplysninger som kan bidra til egen straff.

Vernet mot selvinkriminering ble lovfestet i forvaltningsloven § 48 i 2017, sammen med resten av kapittel IX; *Administrative sanksjoner*. Bestemmelsen kommer i tillegg til reglene i plan- og bygningsloven, jf. pbl. § 1-9, og fastslår at forvaltningen

*«...skal gjøre parter som det er aktuelt for, oppmerksom på at det kan foreligge en rett til ikke å svare på spørsmål eller utlevere dokumenter eller gjenstander når svaret eller utleveringen vil kunne utsette vedkommende for administrativ sanksjon eller straff...»*

Det er ikke dokumentert i saken om du fikk noen slik opplysning før du ble kalt inn til møte med kommunen 01.03.2019. Det er heller ikke dokumentert at opplysninger ble gitt i møtet, eller i varslet utsendt i etterkant. Etter dette må vi legge til grunn at opplysninger om fvl. § 48 ikke ble gitt.

Forhåndsvarselet kunne i tillegg enkelt vært sendt deg før møtet 01.03.2019, eventuelt samtidig med innkallelsen, slik at du tydelig og tidlig hadde blitt gjort oppmerksom på at forfølgelse var innledet. At forklaringer og bevis til bruk i forfølgelsen ble innhentet før «siktelse», er i seg selv problematisk og utelukker ikke et mulig brudd på «*rettferdig rettergang*», EMK art. 6.<sup>8</sup>

Ut fra forvaltningsloven § 48 er dette behandlingsfeil. Den mulige innvirkningen for saken og en eventuell ny behandling må derfor vurderes av kommunen dersom den vil forfølge saken videre, jf. forvaltningsloven § 41. Det må da eventuelt tas stilling til om forklaringene og opplysningene fra deg kan brukes eller må legges bort. Du må også få mulighet til å uttale deg til dette spørsmålet.

Av de hensyn som kommunen må vurdere er om forfølgningen samlet sett framstår som rettferdig, herunder om saksgangen ellers har vært åpen og ryddig. Det bør også vurderes i hvilken grad du har medvirket til opplysning av saken på eget initiativ, eller på noen måte har gitt uttrykk for at du ikke ønsket å medvirke. Hovedregelen er at det offentlige skal gjøre en fri vurdering av fakta, om ikke hensynet til rettsvern og beskyttelse taler for å forkaste opplysningene du har gitt. Kommunen kan uansett bygge på andre fakta og opplysninger som måtte være tilgjengelige.

Det blir ellers opp til kommunen selv å avgjøre om det skal innledes ny sak om overtredelsesgebyr.

<sup>7</sup> Gjelder som norsk lov iht. menneskerettighetsloven § 2 nr. 1, jf. vedlegg 1 og 2 til loven.

<sup>8</sup> *Sunders vs. UK*, avsn. 69 flg.



003516 - 6701512390018640410013



### Oppsummering

Plan- og bygningsloven § 32-8 femte ledd gir ikke hjemmel for å gi overtredelsesgebyr til enkeltpersonforetak uten andre ansatte eller oppdragstakere enn deg selv. Klagen har derfor ført fram, og vi har opphevet kommunens vedtak.

Det blir opp til Lærdal kommune å eventuelt innlede ny sak. Eventuelle gebyrer må da rettes deg personlig, som innehaver av enkeltpersonforetaket Agro Tech, og utmåles som for privatpersoner.

Forvaltningsloven § 48 ikke er fulgt. Kommunen må vurdere betydningen av dette i en eventuell ny sak om overtredelsesgebyr.

Vi minner ellers om retten til å få dekket vesentlige sakskostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket av 28.09.2019, jf. forvaltningsloven § 36. Eventuelle krav må være framsatt for Statsforvalteren innen tre uker fra dette brevet ble mottatt. Vi gjør oppmerksom på at utgiftene bør være dokumenterte, og at tap som følge av egen tidsbruk eller heft normalt ikke dekkes.

Med hilsen

Anne Kristin Kayser Eitungjerde  
seksjonsleder

Arnt Erik Nordheim  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

|                       |              |      |        |
|-----------------------|--------------|------|--------|
| Lærdal kommune        | Postboks 83  | 6886 | LÆRDAL |
| Mark Raymond S Brooks | Postboks 103 | 6886 | Lærdal |

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

### Sak 13/2021 Tertianrapport 1 - 2021

|   |                              |                         |
|---|------------------------------|-------------------------|
| <b>Sakshandsamar</b><br>Richard Nesheim | <b>Møtedato</b><br>14.6.2021 | <b>Saknr</b><br>13/2021 |
|---|------------------------------|-------------------------|

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Tertianrapporten for 1. tertial vert teken til vitande.

#### VEDLEGG

| Nr. | Dok. Dato    | Avsendar       | Tittel  |
|-----|--------------|----------------|---|
| 1   | Ikkje datert | Lærdal kommune | Saksframlegg til formannskapet i sak 71-21: 1 tertialrapport og budsjettrevisjon 2021 |
| 2   | Ikkje datert | Lærdal kommune | Tertianrapport 1 – 2021   |
| 3   | Ikkje datert | Lærdal kommune | Oversikt investeringsprosjekt 1. tertial  |

Sakstilfang:

#### Tertianrapporten:

Tertianrapporten viser at prognosen for inntekter knytt til skatt og rammetilskot er auka på 4,986 mill kr. På den andre sida er det behov for styrking av budsjettet knytt til oppvekstsektoren med kr 286 000, helse med kr 893 000, samt lønsreguleringsfondet med kr 800 000. Samla sett vert det då ei innsparing i høve til opprinneleg budsjett. Det er framlegg om at bruken av dispisjonsfond vert redusert med kr 3 443 000.

For nærare detaljar om avvika viser ein til tertialrapporten.



## Sakspapir

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 071/21  | Formannskapet | 10.06.2021 |
|         | Kommunestyret |            |

|                           |        |                         |
|---------------------------|--------|-------------------------|
| Sakshandsamar: Gunn Lerøy | Arkiv: | Arkivsaksnr. 21/51 - 17 |
|---------------------------|--------|-------------------------|

### 1. tertialrapport og budsjettrevisjon 2021.

#### Kort samandrag:

Ifølgje kommunelova § 14-5 og økonomireglementet for Lærdal kommune skal rådmannen utarbeida tertialrapportar.

1. tertial: rapport per 30. april
2. tertial: rapport per 31. august
3. tertial: rapport per 31. desember (årsrapport)

I tertialrapporteringa til kommunestyret skal det gå fram om drifta er innanfor vedtekne budsjetttrammer. Ved vesentlege avvik skal rådmannen koma med tilråding til inndekning og omdisponering av midlar for å nå økonomisk balanse ved årsslutt.

Oppsummert syner status per 1. tertial at det er god styring med drifta, og at Lærdal kommune ligg an til å få ei resultatforbetring samanlikna med opprinneleg årsbudsjett for 2021.

#### Rådmannen si tilråding:

1. Tertialrapporten vert teke til vitande

2. Kommunestyret aukar budsjetttramma i driftsbudsjettet slik:

Borgund Oppvekst           kr. 122.000

Lærdalsøyri skule           kr. 164.000

Helse                               kr. 893.000

Lønnsreg.fond               kr. 800.000

Skatt inntekt formue       kr. 1 744 000

Rammetilskotet           kr. 3 242 000

Bruk av disposisjonsfondet vert redusert med kr. 3 443 000.

2. Kommunestyret gjer følgjande endringar for prosjektløyvingar i investeringsbudsjettet:

|                                | Buds(end)        | Nytt budsjett    |
|--------------------------------|------------------|------------------|
|                                | 2021             | 1. tertial 2021  |
| 20017 Opprusting kultursal     | 410 000          | 720 000          |
| 20026 Nytt Bibliotek           | 2 000 000        | 100 000          |
| Uteareal Lærdalsøyri barnehage |                  | 1 000 000        |
| Ny bil Bu og miljø             |                  | 590 000          |
| <b>TOTALT</b>                  | <b>2 410 000</b> | <b>2 410 000</b> |

· Nytt bibliotek vert redusert med 1,9 mill i 2021

- Lærdalsøyri barnehage vert løyvd 1 mill til nytt investeringsprosjekt for uteareal, takoverbygg og leikeapparat slik det går fram av tertialrapporten side 13.
- Opprusting kultursal vert løyvd kr 310.000 som tilleggsøyving
- Ny budbil til bu og miljø kr. 590.000,-

### 3. Kommunestyret vedtek følgande budsjett for ansvar 112 Næring (tidlegare LNU)

|       |                             |  |                  |
|-------|-----------------------------|--|------------------|
| 10111 | Løn                         |  | 700<br>000       |
| 10990 | Arbeidgjevaravgift          |  | 90<br>000        |
| 10911 | Pensjon                     |  | 100<br>000       |
| 11322 | Mobil telefon               |  | 1<br>200         |
| 11411 | Stillingannonse             |  | 60<br>000        |
| 11600 | Køyregodtgjersle            |  | 10<br>000        |
| 12029 | Anna utstyr                 |  | 50<br>000        |
| 12700 | Konsulent                   |  | 50<br>000        |
| 13820 | Kjøp av teneste frå andre   |  | 150<br>000       |
| 14700 | Overføring til andre        |  | 2 000<br>000     |
| 14720 | Næringstilskot              |  | 2 000<br>000     |
|       | <b>Utgifter</b>             |  | <b>5 211 200</b> |
| 17019 | Tilskot                     |  | - 500<br>000     |
| 17510 | Refusjon frå andre kommunar |  | - 250<br>000     |
| 19510 | Bruk av fond                |  | - 4 461          |



|  |                  |  |                    |
|--|------------------|--|--------------------|
|  |                  |  | 200                |
|  | <b>Inntekter</b> |  | <b>- 5 211 200</b> |

**Vedlegg:**

Tertialrapport 03062021

Investeringsprosjekt 1. tertial

**Relevante dokument i saka**

**Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**

**Saksutgreiing**

Tertialrapporten gir ein prognose for drifta som samla vil gje ei resultatforbetring med om lag 3,5 mill. Dette skuldast auke i budsjetterte inntekter.

Både innan helse- og omsorg og oppvekst har 1. tertial vore prega av koronasituasjonen, med nasjonale restriksjonar knytt til kohortar i skule og barnehage, og meirarbeid til testing og vaksinerng i helse- og omsorg.

I Lærdal har dette så langt i liten grad påverka den økonomiske situasjonen, men det kan ha gitt utslag i litt meir vikarbruk i oppvekst,meirkostnader i Helse og større slitasje på tilsette enn i eit normalår.

Når det gjeld investeringar er bibliotekprosjektet forseinka, og det medfører at investeringsbudsjettet kan reduserast med 1.9 mill i 2021. I Lærdalsøyri barnehage ligg det føre eit framlegg til nyinvesteringar på uteområde, og i bu- og miljøtenesta er det meldt inn behov for investering i ny budbil som er teke med i tilråding til endringar.

På bakgrunn av at næring no er ein del av den kommunale organisasjonen og næringsrådgjevar er på plass, er det behov for å vedta eit detaljbudsjett for dette ansvaret. Tidlegare er det styret i LNU som har kome med framlegg til rammebudsjett, som kommunestyret har vedteke.

**Økonomiske konsekvensar**

Det kan sjå ut som at det blir eit betre resultat enn det ein hadde budsjettert med. Dette skuldast meirinntekter utover det som er budsjettert, og går fram av vedlagte tertialrapport.

**Vurdering**

Rådmannen si vurdering er at det så langt i år er ei god styring i einingane med drift og investeringsprosjekt. Etersom kommunen har motteke ekstra løyving for å handtere koronasituasjonen, er det rimeleg at noko av desse midlane vert nytta til å dekke inn

meirforbruk ved Helse og begge skulane.

Alternativet vil vere å gjere innsparingstiltak, noko som vil vere uheldig på noverande tidspunkt.



# LÆRDAL KOMMUNE

## Tertialrapport 1 – 2021



Løytnantsbrygga i Lærdal. Foto: Jan Christian Jerving

## Innhald

|      |   |    |
|------|---|----|
| 1    | Samandrag.....  | 3  |
| 2    | Hovudtal økonomi.....   | 4  |
| 2.1  | Drift.....  | 6  |
|      | Kommentarar knytt til dei ulike ansvar.....   | 7  |
| 2.2  | Ansvar 100 – Folkevalde organ:.....   | 7  |
| 2.3  | Ansvar 110 Rådmann.....   | 8  |
| 2.4  | Ansvar 111 – Kyrkja og andre trussamfunn.....   | 8  |
| 2.5  | Ansvar 112 – Næring.....  | 8  |
| 2.6  | Ansvar 113 – Stab/Støtte.....   | 9  |
| 2.7  | Ansvar 114 – Plan og Forvaltning.....   | 10 |
| 2.8  | Ansvar 116 – Landbruk.....  | 11 |
| 2.9  | Ansvar 120 – Borgund oppvekstsenter.....  | 12 |
| 2.10 | Ansvar 123 – Lærdalsøyri barnehage.....   | 12 |
| 2.11 | Ansvar 129 – Lærdalsøyri skule.....   | 15 |
| 2.12 | Ansvar 130 – Bu- og miljøtenesta.....   | 16 |
| 2.13 | Ansvar 131 – Helse.....   | 17 |
| 2.14 | Ansvar 132 – NAV/Sosiale tenester.....  | 18 |
| 2.15 | Ansvar 133 – Pleie og omsorg.....   | 19 |
| 2.16 | Ansvar 134 – Barnevern.....   | 20 |
| 2.17 | Ansvar 135 – Flyktningtenesta.....  | 21 |
| 2.18 | Ansvar 136 – LMS.....   | 22 |
| 2.19 | Ansvar 151 –Kultur og formidling.....   | 23 |
| 2.20 | Ansvar 115 Eigedomforvaltning, ansvar 162 –Teknisk drift, ansvar 163 Sjølvkost VA<br>24 |    |
| 3    | Investeringar.....  | 26 |

## 1 Samandrag

Økonomirapport pr. 1. tertial syner økonomisk status ved utgangen av april, og ei prognose for heile året. Rapporten bygger på ajourført rekneskap og ei analyse av løn for perioden 1.1 – 30.04.2021.

Rådmannen skal ut frå budsjettforskrifta gjennom budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som syner utviklinga i inntekter og utgifter for Lærdal kommune, og i økonomireglementet går det fram at det skal rapporterast etter 1. og 2. tertial. I tillegg til dette skal rådmannen rapportere til formannskapet så snart som råd om avvik som er vesentlege, og som kan ha innverknad på kommuneøkonomien på kort og lengre sikt.

I følgje «Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning» skal rådmannen minst to gongar i året leggja fram rapporter for kommunestyret som viser status for kommunen si finansforvaltning. Rådmannen legg til grunn at dette praktisk kan gjerast som ein del av dei økonomiske statusrapportane.

Budsjettet for 2021 er vedteke med eit negativt driftsresultat, og i vedtaket til kommunestyret er det lagt til grunn at ein må nytte ca kr. 3,9 mill av disposisjonsfondet for å dekke opp planlagt meirforbruk i 2021. Rapporten syner ut frå framskriven prognose at meirforbruket er redusert til kr. 460.000.

Lærdal kommune legg til grunn KS sin prognosemodell, og i følgje oppdaterte tal vil rammetilskotet bli 3,2 mill høgare enn budsjett, og skatteinntektene skal i følgje prognosen auke med 1,5 mill samanlikna med budsjett. Bakgrunnen for auken i rammetilskotet er kompensasjon til kommunane for handtering av koronapandemien og gjennomføring av vaksinerings mot Covid 19. Utan denne kompensasjonen ville rammetilskotet vore om lag som budsjettet.

Ser ein på driftssituasjonen ligg tenesteeiningane om lag på budsjett. Unnataket er Helse der me har ein prognose som tilseier at me kjem til å bruke kr. 893.000 meir ved årsslutt, og me ligg an til eit lite meirforbruk for begge skulane. I tillegg ser me at det er satt av for lite midlar til lønnsoppgeret. I statsbudsjettet for 2021 var det lagt opp til lønnsauke med 2,2 %, i revidert nasjonalbudsjett er denne auka til 2,7 %. Dette utgjer ein meirkostnad for 2021 på om lag kr. 800.000.

## 2 Hovudtal økonomi

I følge KS sin prognosemodell vil dei frie inntektene i form av rammetilskot og skatteinntekter auka med om lag 4,9 mill samanlikna med budsjett. Me ligg også hittil i år an til å få ein auke i inntektene knytt til konsesjonskraft, men ut frå erfaring veit me at denne inntekta kan svinge i løpet av året. Den er difor ikkje teken med i framskreve årsbudsjett.

Dei andre inntektene/utgiftene ligg om lag som budsjettert ved utgangen av april. Ny prognose for netto driftsresultat er kr 3 443 000.

Netto driftsresultat vil då reduserer bruken av disposisjonsfondet til kr 460.000.

| Inntekter/Utgifter utanom ansvarsområda over: | Budsjett 2021      | Avvik                               |                             |
|---|--------------------|-------------------------------------|-----------------------------|
|   |                    | Framskriven<br>Prognose pr.30.04.21 | Årsbudsjett<br>Framskriving |
| Skatt på inntekt og formue                    | 76 846 000         | 78 590 000                          | 1 744 000                   |
| Rammetilskot                                  | 73 462 000         | 76 704 000                          | 3 242 000                   |
| Eigedomsskatt                                 | 20 000 000         | 20 000 000                          | 0                           |
| Rentekompensasjon eldreomsorg/tilskot         | 669 000            | 669 000                             | 0                           |
| Rentekompensasjon skule/tilskot               | 107 000            | 107 000                             | 0                           |
| Konsesjonsavgift                              | 7 402 000          | 7 402 000                           | 0                           |
| Konsesjonskraft netto                         | 11 139 000         | 11 139 000                          | 0                           |
| Integreringstilskot                           | 3 842 000          | 3 842 000                           | 0                           |
| Renteinntekter                                | 550 000            | 550 000                             | 0                           |
| Utbytte SFE                                   | 600 000            | 600 000                             | 0                           |
| Utbytte Okken Kraft A/S                       | 1 000 000          | 1 000 000                           | 0                           |
| Mottekne avdrag på lån                        | 100 000            | 100 000                             | 0                           |
| Renteutgifter                                 | -4 500 000         | -4 500 000                          | 0                           |
| Avdrag på lån                                 | -13 000 000        | -13 000 000                         | 0                           |
| Avsetning til disposisjonsfond                | -                  | -                                   | 0                           |
| Avsetning til næringsfond (konsesjonsavgift)  | -7 402 000         | -7 402 000                          | 0                           |
| Avsetning til næringsfond (mottekne avdrag)   | -100 000           | -100 000                            | 0                           |
| Avsetning til næringsfond (mottekne renter)   | -350 000           | -350 000                            | 0                           |
| Avsetning til auka pensjonskostnader          | -                  | -                                   | 0                           |
| Integreringsfond                              | -3 842 000         | -3 842 000                          | 0                           |
| Avsetning til vedlikehaldsfond                | -                  | -                                   | 0                           |
| Bruk av disposisjonsfond                      | <b>3 903 000</b>   | <b>3 903 000</b>                    | 0                           |
| Overføring investeringsbudsjett               | -                  | -                                   | 0                           |
| <b>Sum inntekter/utgifter</b>                 | <b>170 426 000</b> | <b>175 412 000</b>                  | <b>4 986 000</b>            |
| <b>Netto resultat</b>                         | <b>-</b>           | <b>3 443 000</b>                    | <b>3 443 000</b>            |

### Skatt:

Lærdal kommune vedtok i budsjettet for 2021 ein skatteinngang på kr 76 846 000,- Dette var i tråd med KS sin 3- årige prognose. KS sin nye prognose pr 15. mai 2021 etter at revidert nasjonalbudsjett (RNB 2021) er lagt fram, er endra til kr 78 590 000. Dette er 1,744 mill over budsjett.

### **Rammetilskot**

KS sin prognose for rammetilskotet til Lærdal kommune var vedteke med kr 73 462 000 i budsjett 2021. KS sin nye prognose pr 15.mai 2021 etter at RNB 2021 er lagt fram er endra til kr 76 704 000 som er 3,242 mill over budsjett. Auken i rammetilskotet kan forklarast med kompensasjon til kommunane for å dekke meirforbruk til å handtere koronasituasjonen, og gjennomføre massevaksinasjonsprogrammet mot Covid 19 i tråd med nasjonale retningslinjer. Ettersom kompensasjonen er utbetalt som frie inntekter er den ikkje fordelt ut på tenesteeiningane.

### **Eigedomsskatt.**

Det er pr. 1. tertial utfakturert eigedomsskatt for totalt kr 10 133 997. Grunnlaget for eigedomsskatten vert utrekna av Skatteetaten etter innsende opplysningar frå selskapa. Samla budsjett for 2021 er kr 20 mill.

### **Konsesjonskraft**

I budsjettet for 2021 er det budsjettert med ei inntekt på kr 11 139 000 i inntekt. Tala frå Okken Kraft A/S ved utgangen av april syner ein auke i inntekta hittil i år. Dersom prisane held seg og resten av året går etter budsjett, vil me ligge 1,6 mill over ved årslutt. Dette er usikre tal då det svingar fort. Hovudforklaringa til overskotet skuldast ferjelading på Fodnes som vert seld til spot, der det framleis er gode prisar.

### **Statstilskot Flyktningar**

Det er per 1. tertial innbetalt inntekter med totalt kr 2 013 450,- i statstilskot flyktningar. Inntekta resten av året er avhengig av kor mange flyktningar som blir busett. Ut frå det me veit no vil det kome ein ny familie med tre born som vil gje utslag både i inntekta og i utgiftene til tenesta. Dette beløpet vert sett på bundne fond, og kostnader til flykntningstenesta vert trekt av fondet.

### **Utbytte**

Utbytte er budsjettert med til saman kr 1,6 mill, og prognosen er lik budsjett.

### **Rentekompensasjon**

Rentekompensasjon for skule og barnehage er budsjettert med kr 776 000. Det er ingen endringar her.

### **Renteinntekter**

Renteinntekter er budsjettert med kr 550 000,- som er i tråd med prognosen. Prognosen legg til grunn at renta vil halde fram med å vere låg resten av året.

### **Renteutgifter**

Renteutgifter på lån til eigne investeringar er sett til kr 4 500 000, prognosen er lik budsjettet. Rentemarknaden er usikker framover, prognosen legg til grunn at renta vil halde fram med å vere låg resten av året.

### **Avdragsutgifter**

Avdragsutgifter er sett til kr 13 000 000, prognosen er lik budsjett.

## 2.1 Drift

Oversikta syner budsjett 2021 og framskriven prognose ut året. Pr 30 april ligg dei fleste einingane med unnatak av Helse omlag på budsjett, og dette er utgangspunktet for framskrivinga av prognosen.

I budsjettet for 2021 er det lagt til grunn 2,2 mill til lønsauke på bakgrunn av Statsbudsjettet for 2021. I revidert nasjonalbudsjett er dette endra til 2,7 %, og vil medføre at lønnsreguleringspotten på kr. 2,2 mill må aukast til 3 mill.

Det har gjennom året vore ei særleg tett oppfølging retta mot helse- og omsorgstenesta, og fokuset har vore på å redusere vikarbruk og overtidsbruk som er ein av forklaringane på tidlegare års budsjettoverskridingar. Dette har gitt resultat, og etter 1. tertial i 2021 er desse kostnadane redusert med nesten 1 mill samanlikna med same periode i fjor.

| Kostnader vikarbruk 1.tertial |                                     |                  |                |
|-------------------------------|-------------------------------------|------------------|----------------|
|                               |                                     | Pr 30.04.2020    | Pr 30.04.2021  |
| 25301                         | Lærdal bu og omsorgsheim            |                  |                |
|                               | Kostnad vikarar (inkl till./forsk.) | 995 560          | 593 288        |
|                               | Kostnad overtid                     | 574 341          | 109 256        |
|                               | Refusjon sjukepengar/svang.sk.      | -532 871         | -118 828       |
|                               |                                     | 1 037 030        | 583 716        |
| 25400                         | Heimesjukepleie                     |                  |                |
|                               | Kostnad vikarar (inkl till./forsk.) | 764 164          | 493 060        |
|                               | Kostnad overtid                     | 424 945          | 79 789         |
|                               | Refusjon sjukepengar/svang.sk.      | -585 173         | -163 616       |
|                               |                                     | 603 936          | 409 233        |
|                               | <b>SUM PLEIE OG OMSORG</b>          | <b>1 640 966</b> | <b>992 949</b> |
| 25402                         | Spesielt tilrettelagde heimeten     |                  |                |
|                               | Kostnad vikarar (inkl till./forsk.) | 258 195          | 346 570        |
|                               | Kostnad overtid                     | 212 294          | 29 777         |
|                               | Refusjon sjukepengar/svang.sk.      | -230 982         | -293 137       |
|                               |                                     | 239 507          | 83 210         |
| 25403                         | Tenester for funksjonshemma         |                  |                |
|                               | Kostnad vikarar (inkl till./forsk.) | 101 378          | 27 160         |
|                               | Kostnad overtid                     | 83 210           | 5 348          |
|                               | Refusjon sjukepengar/svang.sk.      | -69 953          | -61 174        |
|                               |                                     | 114 635          | -28 666        |
|                               | <b>SUM BU OG MILJØ</b>              | <b>354 142</b>   | <b>54 544</b>  |



Sjukafråveret totalt for Lærdal kommune etter 1. tertial er 8,5 %. Til samanlikning var sjukafråveret for same periode i 2020 på 9,15 %. Kvar eining har med ein oversikt over utvikling i sjukafråveret med kommentarar.

### Prognose 1.tertial 2021

| Ansvar                            | Rekneskap 2020     | Budsjett 2021      | Avvik                               |                              |
|-----------------------------------|--------------------|--------------------|-------------------------------------|------------------------------|
|                                   |                    |                    | Framskriven<br>Prognose pr.30.04.21 | Årsbudsjett<br>Framskrivning |
| 100 - Folkevalde                  | 2 859 532          | 3 514 000          | 3 437 000                           | 77 000                       |
| 110 - Rådmann                     | 2 458 858          | 2 903 000          | 2 640 000                           | 263 000                      |
| 111 - Kyrkja og andre trussamfunn | 2 827 245          | 2 765 000          | 2 765 000                           | 0                            |
| 112 - LNU                         | 197 436            |                    |                                     | 0                            |
| 113 - Stab/støtte                 | 12 177 373         | 12 042 000         | 12 042 000                          | 0                            |
| 114 - Plan og forvaltning         | 1 613 791          | 1 238 000          | 1 238 000                           | 0                            |
| 115 - Eigedomsforvaltning         | -1 147 398         | -2 035 000         | -2 035 000                          | 0                            |
| 116 - Landbruk                    | 1 535 986          | 1 775 000          | 1 775 000                           | 0                            |
| 120 - Borgund oppvekssenter       | 6 612 401          | 7 629 000          | 7 751 000                           | -122 000                     |
| 123 - Lærdalsøyri barnehage       | 11 254 235         | 12 009 000         | 12 009 000                          | 0                            |
| 129 -Lærdaløyris kule             | 23 558 670         | 23 545 000         | 23 709 000                          | -164 000                     |
| 130 - Bu og miljøteneste          | 16 639 327         | 20 706 000         | 20 706 000                          | 0                            |
| 131 - Helse                       | 10 265 188         | 7 463 000          | 8 356 000                           | -893 000                     |
| 132 - NAV kommune                 | 2 625 551          | 3 116 000          | 3 020 000                           | 96 000                       |
| 133 - Pleie og omsorg             | 40 326 701         | 39 991 000         | 39 991 000                          | 0                            |
| 134 - Barnevern                   | 4 507 938          | 5 084 000          | 5 084 000                           | 0                            |
| 135- Flyktningtenesta             | 8 112              |                    |                                     | 0                            |
| 136 - Sogn LMS                    | 4 312 822          | 4 227 000          | 4 227 000                           | 0                            |
| 137 - Matforsyning                | 2 270 611          | -                  | 0                                   | 0                            |
| 151 - Kultur og formidling        | 5 273 201          | 6 453 000          | 6 453 000                           | 0                            |
| 162 - Teknisk drift               | 19 888 119         | 16 676 000         | 16 676 000                          | 0                            |
| 163 - Sjølvkost vatn og avløp     | -1 910 877         | -875 000           | -875 000                            | 0                            |
| Avsetning til lønsreguleringsfond |                    | 2 200 000          | 3 000 000                           | -800 000                     |
| Kjøp og sal av konsesjonskraft    | -14 665 942        |                    |                                     |                              |
| Pensjon ufordelt                  | -2 574 720         |                    |                                     |                              |
| <b>Sum netto utgifter drift</b>   | <b>150 914 160</b> | <b>170 426 000</b> | <b>171 969 000</b>                  | <b>-1 543 000</b>            |

### Kommentarar knytt til dei ulike ansvar

#### 2.2 Ansvar 100 – Folkevalde organ:

Under dette ansvaret ligg sentrale folkevalde organ, kommune/stortingsval, stønad til politiske parti, kontrollutval og revisjon og råd for eldre og funksjonshemma

|                  | Rekneskap<br>pr 30.04 | Prognose<br>årsslutt | Budsjett<br>2021 | Avvik i<br>Kroner |
|------------------|-----------------------|----------------------|------------------|-------------------|
| Folkevalde organ | 1 061 779             | 3 437 000            | 3 514 000        | 77 000            |

Prognosen for Folkevalde organ viser etter 1 .tertial eit lite underforbruk. Då det fortsatt er pandemi og lite tenestreiser vil ein spare på utgiftene forhold til budsjett 2021.

### 2.3 Ansvar 110 Rådmann

Ansvar 110 inneheld rådmann og hovudtillitsvalde.

|                | Rekneskap | Prognose  | Budsjett  | Avvik i |
|----------------|-----------|-----------|-----------|---------|
|                | Pr 30.04  | årsslutt  | 2021      | Kroner  |
| <b>Rådmann</b> | 609 959   | 2 640 000 | 2 903 000 | 263 000 |

Prognosen for ansvarsområdet syner kr 263 000 i mindreforbruk når ein framskrivar prognosen ut året etter 1 tertial.

#### Viktige hendingar hittil i år:

Det er tilsett rådgjevar for helse og omsorg og vedkommande startar i arbeid 1. august. Dette er og grunn til mindreforbruket sidan stillingen var lagt inni budsjette tidlegare på året.

#### Årsverk:

Pr 30.04 inneheld eininga 1 årsverk som rådmann, 0,6 årsverk som hovudtillitsvald fagforbundet og 0,20 årsverk hovudtillitsvalde i utdanningsforbundet.

Pr 1. august vert eininga styrka med 1 årsvek som rådgjevar helse og omsorg.

### 2.4 Ansvar 111 – Kyrkja og andre trussamfunn

Overføring til kyrkja er på budsjett. Overføring til andre trussamfunn kjem ikkje før i oktober, og ein teke sikte på at budsjettet beløp held.

|  | Rekneskap | Prognose  | Budsjett  | Avvik |
|--|-----------|-----------|-----------|-------|
|  | pr 30.04  | årsslutt  | 2021      |       |
| <b>Sum ansvar: 111 Kyrkja og andre trussamfunn</b> | 1 327 500 | 2 765 000 | 2 765 000 | 0     |

### 2.5 Ansvar 112 – Næring

Ansvar 112 som omfattar tilskot som vert gjeve av formannskapet og vert dekkja over nærings- og konsesjonsavgiftsfondet.

|                    |   | Rekneskap   |
|--------------------|---|-------------|
| Ansvar: 112 Næring |   | pr 30.04.21 |
| 32501              | ANDRE NÆRINGSFØREMÅL                      | 325 147     |
| 32522              | NÆRINGSFØREMÅL DISPONERT AV FORMANNSKAPET | 10 160      |
| 36001              | VILTFONDET (KOMM.)                        | - 108 819   |
| 36002              | FISKEFORVALTNING                          | -           |

Pr 30. april er kostnaden på ansvaret fordelt slik på funksjonen. Kostnaden ved årsslutt vert ført mot fond.

Inngående balanse for nærings- og konsesjonsavgiftsfondet pr 1. januar 2021 er kr 6 674 938,-

På funksjon 32501 er det betalt ut til saman kr 120 000,- i tilskot, ca kr 650 000 til Visit Sognefjord, det er brukt kr 50 643 på utlysing og rekruttering til stilling som næringsrådgjevar.

Lærdal kommune har og fått kr 500 000 frå Kommunal- og moderniseringsdep til kompensasjon for bedrifter til vidare tildeling etter søknad.

|                                 |              |
|---------------------------------|--------------|
| Andre kostnader                 | 5 689,63     |
| Utlysing av stilling            | 50 634,00    |
| TYRI OPPLEVING V/ JOHANNE HEIEN | 45 000,00    |
| SEA MEDIC AS V/ ÅGE NATVIK      | 25 000,00    |
| CHRISTIAN RUMOHR GJERDE         | 50 000,00    |
| Vist Sognefjord                 | 648 823,00   |
| Kommunal- og moderniseringsdep  | - 500 000,00 |

Kommunen har kjøpt inntil 40 % tenester frå Årdal Utvikling via ein avtale som gjeld i perioden frå 01.02.2021 til 01.08.2021. Avtalen har vore som erstatning for at næringsrådgjevar er på plass frå 1. juni.

## 2.6 Ansvar 113 – Stab/Støtte

### Om tenesta:

Organisasjons- og personaleiar skal ivareta dei tilsette i organisasjonen på ein god måte. Vere med å utvikle organisasjonen, og gje tilsette i stab/støtte gode arbeidsvilkår slik at dei kan gje gode tenester til alle einingane i organisasjonen.

### Økonomi:

|                           | Rekneskap | Prognose   | Budsjett   | Avvik |
|---------------------------|-----------|------------|------------|-------|
|                           | pr 30.04  | årsslutt   | 2021       |       |
| <b>113 Stab og støtte</b> | 3 554 339 | 12 042 000 | 12 042 000 | -     |

### Kommentarar:

Slik det ser ut no, er me i rute og vil halda budsjettet dersom ikkje noko uforutsett skjer.

### Viktige hendingar hittil i år:

Stab og støtte har varierte arbeidsoppgåver innan økonomi, IKT og andre viktige støttefunksjonar for kvar einskild eining. Rådgjevar IKT, økonomirådgjevar og organisasjons- og personaleiar har den siste tida jobba mot at organisasjonen skal få på plass Visma Tid. Organisasjons- og personaleiar har den siste tida gjennomført gruppesamtalar i pleie- og omsorg og ved bu- og miljøtenesta. Ved begge einingane har me fått gode tilbakemeldingar, og mange gjev uttrykk for at det er viktig at organisasjons- og personaleiar er med i gjennomføringa av desse samtalane.

Økonomirådgjevar og organisasjons- og personalleiar er også med i prosjektgruppa for omstilling, dette er eit viktig prosjekt me vil jobbe med framover. Lærdal kommune skal sertifiserast som Miljøfyrtårn. Organisasjons- og personalleiar er peika ut som miljøfyrtårnansvarleg.

**Arbeidsgjevar:**

Årsverk: 7,5

Tilsette: 9

**Sjukefråver:**

| Pr 30.04 i år | Pr 30.04 i fjor |
|---------------|-----------------|
| 0,84 %        | 1,65 %          |

**Kommentarar:**

Sjukefråveret er litt redusert i forhold til 2020, men generelt er dette lågt i Stab og støtte.

## 2.7 Ansvar 114 - Plan og Forvaltning

**Økonomi:**

|                                | Rekneskap | Prognose  | Budsjett  | Avvik |
|--------------------------------|-----------|-----------|-----------|-------|
|                                | pr 30.04  | årsslutt  | 2021      |       |
| <b>114 Plan og forvaltning</b> | 1 044 225 | 1 238 000 | 1 238 000 | 0     |

**Om tenesta:**

Avdelinga har ansvar for å forvalte plan-, bygg- og oppmålingstenestane i kommunen.

Kjerneoppgåver på avdelinga er:

- Arealplanlegging, regulering og andre kommunale planleggingsoppgåver
- Kart og oppmålingstenester, matrikkelføring, kart og eigedomssaker
- Byggjesakshandsaming, utsleppsløyver, ureiningssaker, tilsyn og ulovlegheitsoppfølging
- Koordinatorrolle innan kommunen si satsing på framtidiretta, berekraftig, miljøvenleg og klimasmart samfunn.
- Høyringar av regionale og nasjonale planar, forskrifter, handlingsprogram, konsesjonssaker osv.
- Deltakande i regionale administrative arbeidsgrupper for Indre Sogn Vassområde og Nordfjella Villreinområde
- Prosjektleiing i kommunale bygg- og anleggsprosjekt
- Tverrfaglege arbeidsoppgåver innan trafikktryggleik og vegsamband, folkehelse og klima

Avdelinga har 4 tilsette, men ein stilling vakant på noverande tidspunkt. Den eine stillinga , klimakoordinator-stillinga, er prosjektstilling, som no er forlenga i 2 år i samarbeid med Årdal og Aurland kommune. Oppmålarstillinga er lyst ut, og i mellomtida vert det leigd inn tenestar frå Sogndal kommune.

**Økonomi:**

| pr 30.04 i år | Pr 30.04 i fjor |
|---------------|-----------------|
| 0 %           | 3,64 %          |

## 2.8 Ansvar 116 – Landbruk

Landbruksforvaltning for kommunane Årdal, Lærdal og Aurland jf. avtale om felles landbrukskontor.

**Økonomi:**

|                     | Rekneskap | Prognose  | Budsjett  | Avvik |
|---------------------|-----------|-----------|-----------|-------|
|                     | pr 30.04  | årsslutt  | 2021      |       |
| <b>116 Landbruk</b> | -1 827    | 1 775 000 | 1 775 000 | 0     |

**Kommentarar:**

Det er forventa at drifta går i balanse med budsjett.

**Viktige hendingar hittil i år:**

Landbrukskontoret har fått på plass sakshandsamar i 50% stilling frå 1.mai. Arbeidsoppgåvene til ny sakshandsamar skal i hovudsak utførast for forvaltning av Utvalde kulturlandskap og verdsarvområde Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden. Aurland kommune dekkja kostnad med forvaltning av verdsarvområde.

**Arbeidsgjevar:**

**Årsverk:**

Pr 30.4.2021: 4,1 inkludert CWD koordinator i prosjektstilling.  
 Innleigd viltforvaltar i inn til 50% stilling.  
 Skog i Sogn utgjer ca 10% stilling samla for kommunane Årdal, Lærdal og Aurland.

**Sjukefråver:**

| Pr 30.04 i år | Pr 30.04 i fjor |
|---------------|-----------------|
| 13,78 %       | 0 %             |

**Kommentarar:**

Ikkje arbeidsrelatert, eininga har få tilsette.

**2.9 Ansvar 120 – Borgund oppvekstsenter**

Me har 19 elevar i skulen og 14 barn i barnehagen.

**Økonomi:**

|                     | Rekneskap | Prognose  | Budsjett  | Avvik |
|---------------------|-----------|-----------|-----------|-------|
|                     | pr 30.04  | årsslutt  | 2021      |       |
| <b>116 Landbruk</b> | -1 827    | 1 775 000 | 1 775 000 | 0     |

**Kommentarar:**

Avviket er knytt til endring av tiltak for elev.

**Tiltak**

Summen må tilbakeførast til Oppvekst Borgund sitt budsjett.

**Viktige hendingar hittil i år:**

Utearealet i barnehagen er planlagt utvida, i tillegg skal parkeringsplassen bli større.

Gjennomføringa av desse planane er så vidt i gang.

Nye læreplanar og metodar blir utvikla og utprøvd (fagfornyinga) i skulen.

**Arbeidsgjevar:****Årsverk:**

Barnehagen: 424,10% + 100% lærling

SFO: 10%

Skulen: 628,2

Tilsaman Oppvekst Borgund: 11,52 årsverk

**Sjukefråver:**

| Pr 30.04 i år | pr 30.04 i fjor |
|---------------|-----------------|
| 7,20 %        | 3,60 %          |

**2.10 Ansvar 123 – Lærdalsøyri barnehage****Om tenesta:**

Lærdalsøyri barnehage yter lovpålagte tenester etter Barnehagelova for barn under skulepliktig alder.

Per 01.01.2021 gjekk det 73 barn (26 små og 47 store) i Lærdalsøyri barnehage. Per 30.04.2021 hadde talet auka til 79 barn (31 små og 48 store). Dette skuldast tilflytting, samt at fleire barn med rett til plass frå august 2021 vart tildelt plass frå mars/april då dei fylte eitt år. For å kunne møte ønska og behovet til desse familiane, har barnehagen utvida ein småbarnsavdeling med ein ressurs fram til nytt barnehageår.

#### Økonomi:

|                                  | Rekneskap | Prognose   | Budsjett   | Avvik i |
|----------------------------------|-----------|------------|------------|---------|
|                                  | pr 30.04  | årsslutt   | 2021       | Kroner  |
| <b>123 Lærdalsøyri barnehage</b> | 4 352 201 | 12 009 000 | 12 009 000 | 0       |

#### Kommentarar:

Per 30.4.2021 har Lærdalsøyri barnehage eit underfordruk på kr 16 708,-. Prognosane syner at me ved årsslutt vil gå i balanse.

Ved nytt barnehageår vil Lærdalsøyri barnehage ta i mot to nye flyktningbarn:

- Utløyser ein heil ressurs på småbarnsavdeling, i hht bemanningsnorm.
- Usikkerheit kring oppfølgingsbehovet for eit av barna som byrjar på skulen i 2022. Truleg vil det vere behov for å styrke avdelinga med ein ressurs. Det er frå hausten ønskjeleg at ein nyttar midlar frå integreringsfondet til ein ekstra stilling i barnehagen, dersom det syner seg å vere eit behov.

#### Viktige hendingar hittil i år:

I februar gjennomførte barnehagane i Lærdal sitt hovudopptak. Barnetala for 2021-2022 ser ut til å halde seg på same nivå som i 2020-2021.

- Tilsetjing av barnehagelærer i 100% engasjement knytt til spesialpedagogisk tiltak
- Utlysing av 40% engasjement som barne- og ungdomsarbeider
- Utlysing av 100% engasjement som barnehagelærer knytt til busetting
- Alle stillingane med tiltreding frå nytt barnehageår

Einingsleiar ved Lærdalsøyri barnehage har saman med einingsleiar for tekniske teneste laga kostnadsoverslag på utbetring av uteområdet i nye barnehagen. Her er store deler av uteområdet dekkja av grus, som er lite gunstig med tanke på arbeids- og leikemiljø. Det er av den grunn ønskje om å legge asfalt på grusområde.

På grunn av få plassar å søke ly for sol og regn er det laga eit kostnadsoverslag på eit takoverbygg knytt til eksisterande leikeskur.

Både nye- og gamle barnehagen har få og dårlege leikeapparat ute. Av sikkerheitsårsaker vurderer ein å fjerne nokon av dei, då dei har høg slitasje og ikkje lenger let seg reparere. Det er utarbeida ei oversikt over kostnadar knytt til desse tre utbetringane. Det er ønskjeleg å sjå alt under eit prosjekt då det vil vere kostnadssparande.



**Asfaltering av grusområde** kr 350 000,- inkl. MVA  
**Takoverbygg** kr 250 000,- inkl. MVA  
**Oppgradering leikeapparat** kr 350 000,- eksl. MVA

Barnehagen har jobba målretta med utviklingsarbeidet IBOS – Inkluderande barnehage- og skulemiljø. I 2020 vart det løyvd statlege Rekomp-midlar til eit samarbeid med Borgund barnehage og HVL, der fokuset er på vaksenrolla i møte med barnet.

I første del av 2021 har me hatt fagdag der kommunepsykolog Mads Rekve føreleste om barn og angst. Psykolog Frode Schanke Eikum har delteke på to personalmøte i samband med Sogn Regionråd sitt program for styrka læring. Han har no gjennomført fem modular i psykisk helse i barnehagen. Høgskulelektor Dag Skram har og delteke på eit personalmøte, og førelese om barn i eit utviklingsperspektiv.

#### **Arbeidsgjevar:**

##### **Årsverk:**

Barnehagen hadde per 30.04.2021 om lag 22,9 årsverk fordelt på 28 tilsette.

##### **Sjukefråver:**

| Pr 30.04 i år | pr 30.04 i fjor |
|---------------|-----------------|
| 7,48 %        | 13,69 %         |

#### **Kommentarar:**

Sjukefråværet har gått ned med 6,08 prosent sidan same tid i fjor. Einingsleiar har fokus på tidleg oppfølging og har i første del av 2021 hatt individuelle medarbeidarsamtalar med ein avdeling, samt førebyggjande samtalar i tilfelle der tilsette har aukande fråvær. Personalleiar har delteke på fleire av samtalanane.

Månadleg vert det gjennomført medråderettsmøte der tillitsvalde og verneombod deltek. Her vert fråværsstatistikk drøfta, i tillegg til at dette er tema på personalmøta der alle deltek.



## 2.11 Ansvar 129 – Lærdalsøyri skule

### Om tenesta:

Skulen har pr. i dag 208 elevar.

### Sentrale oppgåver i 1. tertial

Viser til kjerneoppgåver som er skreve inn i årsmeldinga 2020:

Obligatorisk undervisning for grunnskuleborn  
Spesialundervisning etter sakkunnig vurdering  
Opplæring av barn frå språklege minoritetar  
Skuleskyss for heile kommunen, skulerute  
Skulefritidsordning (SFO)

### Økonomi:

|                       | Rekneskap | Prognose   | Budsjett   | Avvik i  |
|-----------------------|-----------|------------|------------|----------|
|                       | pr 30.04  | årsslutt   | 2021       | Kroner   |
| 129 Lærdalsøyri skule | 8 337 847 | 23 709 000 | 23 545 000 | -164 000 |

### Kommentarar:

Avvik som kjem fram på skulen er ekstra tiltak i form av tidleg innsats inn mot klasse. Det har vore ekstra assistent i 1. klasse frå 01.01 2021.

Ein mindre enn budsjettert til vidareutdanning.

Det har vore brukt meir sjukevikar/ekstrahjelp på SFO i denne perioden, grunna covid-19.

Det trengs ekstra lønnsmidlar for å dekkja opp behovet på SFO frå hausten (40 % stilling, ca. 100.000)

Det startar ein ny elev i 1. klasse hausten 2021. Skulen treng ekstra midlar frå flyktningfondet til å fylgja opp denne eleven.

### Tiltak

Det kan reduserast noko på utgifter til lærebøker då skulen kjem til å bruka meir lisensavtalar.

### Viktige hendingar hittil i år:

Ungdomssteget var på raudt nivå i to veker på starten av året. Skulen er fortsatt på gult nivå, og køyrer ein tilnærma normal timeplan.

Skulen har starta opp samarbeidet med HVL/Dekomp. Tema her er prosessarbeid knytta til Fagfornyinga. Alle elevane i 5. – 10. klasse har frå februar sin eigen PC, og skulen har fått seks nye digitale tavler. Skulen har no digitale tavler i alle klasserom.

Vi mista brått ein tilsett i personalet, det gav oss store påkjenningar.

### Arbeidsgjevar:

Årsverk:

I skule og på SFO har me til saman 3,75 årsverk assistent/fagarbeidar (dette er inkludert merkantil ressurs).

Miljøarbeidar har ein stilling på 60 %.

Årsverk pedagog: 24,15

Årsverk inspektør og rektor: 2

Sjukefråver:

| Pr 30.04 i år | pr 30.04 i fjor |
|---------------|-----------------|
| 14,02 %       | 5,40 %          |

Det høge talet på sjukefråver skuldast langtidssjukmeldingar. Det ligg også ei usikkerheit i korleis covid-19 har gjeve utslag på sjukmeldingane.

## 2.12 Ansvar 130 – Bu- og miljøtenesta

### Om tenesta:

Bu og miljøtenesta består av

- Psykiatribustaden
- Tenester for personar med nedsett funksjonsevne
- Avlastningsbolig
- Psykisk helse og rus
- Aktivitetshuset
- Budbilen
- Konsulent for funksjonshemma
- Edruskapsvern

Tenesta disponerer 7 bustadar og ein fellesleilegheit. I bustaden er det heildøgnsdrift. Tenesta har og ansvar for brukarar som får tenester frå private aktørar, samt heimebuande brukarar.

### Økonomi:

|   | Rekneskap | Prognose   | Budsjett   | Avvik i |
|---|-----------|------------|------------|---------|
|   | pr 30.04  | årsslutt   | 2021       | Kroner  |
| <b>Sum ansvar 130 Bu- og miljøtenes</b> | 9312403   | 20 706 000 | 20 706 000 | 0       |

På grunn av feilbudsjettering av kostnader tilknytt nye tiltak vil prognosen vise feil før me eventuelt gjer ei budsjettendring. I tillegg vert det mindre refusjonar enn først anteke.

### Kommentarar:

Det vart i 2020 budsjettert ein høgare kostnad og høgare refusjon enn det som var reelt. Kostnaden vart mindre, og ein får mindre refusjon enn anteke.

I løpet av året vil eit tiltak auke med 1,3 årsverk. Det er i tillegg venta auke på eit anna tiltak me per no ikkje kjenner omfanget av.

Tenesta har klart å spare noko lønnskostnadar grunna permisjon og mindre innleige. Ein vil prøve å halde råma trass nye utfordringar framover. Tenesta vil ha meir oversikt over kostnader, refusjonar og om ein klarer seg innanfor råma ved 2 tertial.

### Viktige hendingar hittil i år:

- Nytt tiltak hjå privat aktør
- Auke av tiltak. Frå mai vert detta auka ytterligare og det genererer 1,3 nye årsverk.
- Det har vore eit stort sjukefråvær fyrste del av 2021. Dette dreiar seg om langtidssjukemeldte.

- Prosjekt der me ser på organisering og omstilling i Bu og miljøtenesta. Tenesta er i vekst og behovet for teneste og bustadar aukar framover.

#### Arbeidsgjevar:

Årsverk: 20,7

Tilsette : 24

Sjukefråver:

| Pr. 30.04 i år | Pr 30.04 i fjor |
|----------------|-----------------|
| 12,22 %        | 9,40 %          |

## 2.13 Ansvar 131 – Helse

#### Om tenesta:

Lærdal helsesenter består av legeteneste, fysio/ergoterapeut og Helsestasjon.

#### Økonomi:

|                             | Rekneskap | Prognose  | Budsjett  | Avvik i   |
|-----------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|
|                             | pr 30.04  | årsslutt  | 2021      | Kroner    |
| <b>Sum ansvar 131 Helse</b> | 3 097 614 | 8 356 000 | 7 463 000 | - 893 000 |

#### Kommentarar:

Inntil vidare er et bruk av vikarlegar, og dette er forklaring på meirkostnadane. På grunn av koronasituasjonen og gjennomføring av vaksinasjonsprogrammet, er det nødvendig med full dekning både av legar og hjelpepersonale.

#### Tiltak:

I andre tertial vil me ha to fastlegar på plass mot ein no. Truleg har me på plass tre fastlegar i tredje tertial på bakgrunn av samarbeid med Lærdal sjukehus om hospitering, og vil såleis få ein meir stabil økonomi ut året.

Det er vidare planlagt utlysing av nyoppretta stilling i tilknytning til helsestasjon/helseførebygging. I starten vil denne verte fullt ut dekkja av tilskotsmidlar frå Statsforvaltaren knytt til tidleg innsats, og førebuing til innføring av ny barnevernslov som forpliktar kommunane til førebyggjande helsearbeid retta mot barn og unge.

#### Viktige hendingar hittil i år:

Det er koronasituasjonen som fortsatt er den viktigaste hendinga hjå oss. Alle einingane er involverte. Legar har ansvar for å prioritere pasientar i risikograppa til vaksinerings, hjelpepersonell hjelper helsestasjonen med vaksinerings. Fysio og ergoterapeut er med i smittesporingsteam ved koronautbrot.

**Arbeidsgjevar:**

Lærdal helsesenter

**Årsverk:**

10

**Sjukefråver:**

| Pr 30.04 i år | pr 30.04 i fjor |
|---------------|-----------------|
| 4,62 %        | 16,25 %         |

**2.14 Ansvar 132 – NAV/Sosiale tenester****Om tenesta:****Kjerneoppgåver NAV:**

- Sakshandsaming av sosialhjelp – Lov om sosiale tenester i Nav § 1, §18 og § 19
- Råd og rettleiing – Lov om sosiale tenester i Nav § 17
- Kvalifiseringsprogram – Lov om sosiale tenester i Nav §29 - §40
- Midlertidig butilbod – Lom om sosiale tenester i Nav §27
- Individuell plan – Lov om sosiale tenester i Nav §28
- Gjeldsrådgjeving – Lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersonar og dekningslova
- Sakshandsaming av Husbanken sine støtteordningar som bustøtte, startlån og tilskot
- Samarbeid med andre tenester
- Oppfølging av arbeidsledige

|                        | Rekneskap | Prognose  | Budsjett  | Avvik i |
|------------------------|-----------|-----------|-----------|---------|
|                        | pr 30.04  | årsslutt  | 2021      | Kroner  |
| <b>132 NAV kommune</b> | 985 794   | 3 020 000 | 3 116 000 | 96 000  |

**Kommentarar:**

Noko vakanse, då eit deltids sjukefråvær ikkje er erstatta.

**Viktige hendingar hittil i år:**

Ingen særskilde utfordringar, anna enn at leiar er noko bekymra for at brukarar kan ha auka terskel for å ta kontakt for hjelp grunna Covid-19. Det kan slå ut som meir langvarig økonomiske utfordringar seinare. Sjukefråvær belastar andre tilsette.

**Arbeidsgjevar:**

Årsverk: 2 heile kommunale stillingar innanfor sosialhjelp, startlån, bustønad og bustad til vanskelegstilte.

### Sjukefråver:

| Pr 30.04 i år | Pr 30.04. i fjor |
|---------------|------------------|
| 13,87 %       | 22,50 %          |

### Kommentarar:

Deltids sjukefråvæ i tertialet. Ikkje arbeidsrelatert, og forbigåande. Sjukefråvæ råkar, då det gir belastningar på anna personell. Særleg sårbar som lita avdeling.

## 2.15 Ansvar 133 – Pleie og omsorg

### Om tenesta:

Pleie og omsorg omfattar både institusjon og heimebaserte tenetser, fordelt på følgande einingar:

22 plassar knytt til institusjon – 18 langtid( 6 skjerma eining) - 4 kortid/ rehabilitering

12 Omsorgsbustadsder med heildøgns bemanning

Heimebasert omsorg:

|                 |    |                 |
|-----------------|----|-----------------|
| Heimesjukepleie | 68 | tenestemottaker |
| Heimehjelp      | 56 | -----           |
| Matombringning  | 45 | -----           |
| Alarm           | 70 | .....           |

BPA ( personelg brukerstyrt assistent)

Aktivitetstilbod/ Aktivitetstova

Demenskoordinator

Kjøkken

### Økonomi:

|                                       | Rekneskap  | Prognose   | Budsjett   | Avvik i |
|---------------------------------------|------------|------------|------------|---------|
|                                       | pr 30.04   | årsslutt   | 2021       | Kroner  |
| <b>Sum ansvar 133 Pleie og omsorg</b> | 14 359 009 | 39 991 000 | 39 991 000 | 0       |

PS! Inntekter for april ( 199 825) er ikkje komme med pr 30.04.

**Kommentarar:** Ein ser så langt at vi har hatt manglande inntekter på brukarbetalinga, ettersom ein ikkje heile tida har hatt fullt belegg på institusjon. Her er det budsjettert med 22 plassar, men så langt i år har ein lege på gjennomsnittleg 20 plassar. Fyrst no i mai er vi oppe i 22 plassar.

Brukarbetaling er vanskelig å budsjettere då dette vil variere med behovet for tenesta.

Ein ser også at vi har ein auke i utgifter til vikarlege, då kostnadene knytt til lønn til vikarar ligg høgare enn ved fast tilsetjing.

Kjøkken – budsjettert med høgare inntekter i forhold til sal av mat til skule/ barnehage og andre.

## Tiltak

- Framleis høg fokus vurdering på innleige av vikar ved fråver – samstundes må ein passe på at arbeidsbelastinga ikkje vet så stor at sjukefråveret aukar igjen.
- Sjå på resursbruken samla sett, og kunne ta gode omdisponeringar av personalet for å halde vikarbruken nede.
- Jobbe målretta med å halde sjukefråveret nede.
- Auke sal av tenester frå kjøkkenet.

## Viktige hendingar hittil i år:

Covid -19 pandemi – auka bruk av smitteverns utstyr og auka kostnader knytt til dette.  
Tilrettelegging for besøk i sjukeheim – besøksvert, smittesporingslogg og auka reinhald.  
Vaksinering av både bebuarar og tilsette  
Organisering: Einingsleiar og assisterande leiar.  
Tilsetjing av fagkoordinator

## Arbeidsgjevar:

Årsverk: 50,78

## Sjukefråver:

| pr 30.04 i år | pr 30.04 i fjor |
|---------------|-----------------|
| 7,49 %        | 13,89 %         |

Sjukefråveret har gått gledeleg ned frå toppen i mars i 2020.

## 2.16 Ansvar 134 – Barnevern

### Om tenesta:

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får naudsynt hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing, og at alle barn får gode og trygge oppvekstvilkår.

### Økonomi:

|               | Rekneskap | Prognose  | Budsjett  | Avvik i |
|---------------|-----------|-----------|-----------|---------|
|               | Pr 30.04  | årsslutt  | 2021      | Kroner  |
| 134 Barnevern | 445 181   | 5 084 000 | 5 084 000 | 0       |

### Kommentarar:

Barnevernet har iverksett eit tiltak som det per 30.04 ikkje er fakturert for. Det ligg ann til forbruk på budsjett

**Viktige hendingar hittil i år:**

- barnevernet deltek i prosjekt «tett på»
- klargjering for barnevernsreforma
- oppfølging av tenestestøtteplan og utviklingsplan for tenesta

**Arbeidsgjevar:**

Årsverk: 5

Sjuefråver:

| Pr. 30.04 i år | Pr 30.04 i fjor |
|----------------|-----------------|
| 7,40 %         | 5,60 %          |

**Kommentarar:**

Fråveret er i all hovudsak knytt til langtidssjukemelding hjå ein tilsett. Fråveret er ikkje arbeidsplassrelatert.

**2.17 Ansvar 135 – Flyktingtenesta****Om tenesta:**

Flyktingtenesta har sida 2014 busett 80 flyktingar (inkludert fødde). Det var ein topp i 2016 med 23 busettingar. Sida har Lærdal busett 14 flyktingar i 2017, 7 flyktingar i 2018, 8 flyktingar i 2019 og 6 flyktingar i 2020.

Sentrale oppgåver for flyktingtenesta er:

- Oppfølging av deltakarar i introduksjonsprogram
- Undervisning i norsk og samfunnskunnskap
- Etablering og burettleing – ansvar for husleigekontraktar og framleige
- Korrespondanse med IMDi/UDI (avtalar, rapporteringar og søknadar)
- Følgje opp andre einingar som har tenester for flyktingar og koordinere (samarbeidsavtalar)
- Kvalifiserande tiltak m.m og individuell plan
- Ansvar for å leie og gjennomføre kommunal, tverretatleg flyktinggruppe
- Sette flyktingar i kontakt med friviljuge organisasjonar og legge til rette for fritidsaktivitetar

**Økonomi:**

|                |  | Regnskap       | Buds(end)  |
|----------------|--|----------------|------------|
|                |  | pr 30.04       | 2021       |
| <b>Ansvar:</b> | <b>135 Flyktingtenesta</b>             |                |            |
| 21300          | VAKSENOPPLÆRING                        | -763858        | 0          |
| 24220          | FLYKTINGEKONSULENT                     | 630 990        | -4 082 100 |
| 27500          | INTRODUKSJONSSTØNAD                    | 1 112 656      | 4 082 100  |
|                | <b>Sum ansvar: 135 Flyktingtenesta</b> | <b>979 788</b> |            |



**Kommentarar:** Utgiftene vert dekkja av tilskot frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Alt tilskot frå IMDi vert overført til integreringsfondet.

**Tiltak:** reduksjon i form av 1 årsverk fom 1. januar 2021.

**Viktige hendingar hittil i år:**

- Oppmoding om å busette 10 flyktningar av IMD i 2021. Per 1. kvartal er det laga avtale om busetting av familie på 5 personar som kjem medio 2021
- Vaksenopplæringa vart flytta under ansvar 135 flyktningtenesta frå 1. januar 2021
- Fått kr. 70 000,- i tilskot frå Statsforvaltaren til føremålet ferie/aktivitet til flyktningfamiliar. Planlegg ferie med overnatting på Pers Hotell i august.
- Tenesta vart redusert med 1 årsverk frå 1. januar 2021

**Arbeidsgjevar:**

Årsverk: 3,3 årsverk: 1 flyktningkonsulent i 100% stilling, 1 avdelingsleiar i 100% stilling (20% for Aurland), 1 lærar i 80% stilling og 1 lærar i 50% stilling. Totalt %. Refusjonsordning med Aurland kommune for leiarfunksjonen.

Avdelingsleiar har sagt opp i 1. tertial og har siste arbeidsdag 9. juni. Stillinga er førebels ikkje lyst ut.

**Sjukefråvær (for heile NAV):**

| Pr 30.04 i år | Pr 30.04. i fjor |
|---------------|------------------|
| 13,87 %       | 22,50 %          |

**kommentarar:**

Ei langtidssjukemelding har ført til høgt utslag på statistikken for 1.tertial 2021.

## 2.18 Ansvar 136 – LMS

**Om tenesta:**

Sogn lokalmedisinske senter (Sogn LMS) driftar legevakt og kommunale akutte døgnplassar for tre kommunar og legevaktsentral for seks kommunar i Indre Sogn. Kommuneoverlege og psykolog er tilsett ved eininga og er delt mellom tre kommunar. Lærdal kommune er vertskommune og har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette.

Sogn LMS er lokalisert på Lærdal sjukehus og samarbeider tett med spesialisthelsetenesta.

**Økonomi:**

|                                     | Rekneskap | Prognose  | Budsjett  | Avvik i |
|-------------------------------------|-----------|-----------|-----------|---------|
|                                     | pr 30.04  | årsslutt  | 2021      | Kroner  |
| <b>LOKAL MEDISINSK SENTER (LMS)</b> | 1 362 779 | 4 227 000 | 4 227 000 | 0       |



**Kommentarar:**

Eininga kjem i balanse per 30.04. Ein må likevel ta omsyn til at eininga har hatt redusert bemanning og utfordringar i høve til å skaffe kvalifisert kompetanse. Eininga har difor nytta vikarbyrå og overtid i første kvartal for å sikre forsvarleg drift.

**Viktige hendingar hittil i år:**

- Tilsetjing av nestleiar frå 01.02.2021 for å avlaste leiar i den daglege drifta, ved sjukefråvær eller ferieavvikling.
- Tilsetjing av fast sjukepleiar frå 1. mai.

**Arbeidsgjevar:**

Årsvek 11,3 pr 30.04.21

Tilsette: 20 (inkludert stab/støttefunksjonar, legar og kimmunepsykolog

**Sjukefråver:**

| Pr 30.04 i år | Pr 30.04 i fjor |
|---------------|-----------------|
| 18,85 %       | 10,34 %         |

Eininga har hatt fokus på å sikre forsvarleg drift og bemanning grunna sjukefråværet dei sistemånadane. Langtidsmeldt sjukefråvær er den største årsaka til at statistikken er høgare enn på same tid i fjor. Eininga har fire tilsette som er eller skal ut i svangerskapspermisjon, noko av det høge sjukefråværet skuldast difor svangerskapsrelaterte plager

**2.19 Ansvar 151 –Kultur og formidling****Om tenesta:**

81 elevar v/kulturskulen og 8 tilsette (dei fleste i små stillingar)

2 tilsette ved bibliotek

2 fast tilsette + lærling (frå april 2021-februar 2022) ved ungdomsklubb. Her er ein av dei tilsette ute i permisjon resten av året. Brukarar er ungdom frå 13-18 år. Det har vore restriksjonar i høve smittevern dette året, og aldersgruppa 13-16 har vore prioritert.

2 tilsette ved kulturkontoret

**Økonomi:**

|                              | Rekneskap | Prognose  | Budsjett  | Avvik i |
|------------------------------|-----------|-----------|-----------|---------|
|                              | pr 30.04  | årsslutt  | 2021      | Kroner  |
| <b>Sum ansvar 151 Kultur</b> | 3572836   | 6 453 000 | 6 453 000 | 0       |

**Kommentarar:**

prognosen syner at ansvar 151 går i balanse ved årsslutt

### Viktige hendingar hittil i år:

Kunstprosjektet Holdeplassen kom godt i gang i februar, men stoppa opp i mars. Det har vore framdrift i prosjektet gjennom digitale møter, men tatt lengre tid enn venta.

Renovering av Kultursal er gjennomført. I samband med dette er det òg bestilt nytt høgtalarsystem som er brukarvenleg for møteverksem og enkle forestillingar/musikk (prosjekt renovering kultursal)

Det vert jobba med gode løysingar for ny ungdomsklubb – her er det oppretta ei prosjektgruppe som skal jobbe fram gode løysingar for brukarane

Mot slutten av året 2020 starta planlegging av "ny giv" frå hausten 2021 - med nye tilbod og ein meir "synleg" kulturskule. Her vert det blant anna jobba med nye kulturskuletilbod og delprosjekt «korps i skulen»

### Arbeidsgjevar:

#### Årsverk:

5,335 + 0,3 lærling (medrekna 0,2 (22,5%) som er ute i permisjon fram til jul) Det var ikkje budsjettert med lærling 2021

### Sjuefråver:

| Pr 30.04. i år | Pr 30.04 i fjor |
|----------------|-----------------|
| under 1 %      | under 1 %       |

## 2.20 Ansvar 115 Egedomsforvaltning, ansvar 162 -Teknisk drift, ansvar 163 Sjølvkost VA

### Om tenesta:

Drift og vedlikehald av kommunale vegar/ gangvegar, bygningar, vatn/ kloakk anlegg, brannvesen, grøtområde, fylkevegar, mv. Dette i heile vår langstrakte kommune.

### Økonomi:

|                               | Rekneskap       | Prognose          | Budsjett          | Avvik i  |
|-------------------------------|-----------------|-------------------|-------------------|----------|
|                               | pr 30.04        | årsslutt          | 2021              | Kroner   |
| <b>115 Egedomsforvaltning</b> | <b>-308 801</b> | <b>-2 035 000</b> | <b>-2 035 000</b> | <b>0</b> |

|                          | Rekneskap        | Prognose          | Budsjett          | Avvik i  |
|--------------------------|------------------|-------------------|-------------------|----------|
|                          | pr 30.04         | årsslutt          | 2021              | Kroner   |
| <b>162 Teknisk drift</b> | <b>7 620 712</b> | <b>16 676 100</b> | <b>16 676 100</b> | <b>0</b> |

|  | Rekneskap         | Prognose        | Budsjett        | Avvik i |
|--|-------------------|-----------------|-----------------|---------|
|  | pr 30.04          | årsslutt        | 2021            | Kroner  |
| <b>Sum 163 Sjølvkost vatn og avløp</b> | <b>-1 274 091</b> | <b>-875 000</b> | <b>-875 000</b> |         |

**Kommentarar:**

Stort sett god drift innanfor vedtekne rammer. Truleg eit lite overforbruk på ansvar 162, men dette håpar me å ta inn att. Uventa høge straumutgifter og kaldt i vinter er litt av forklaringa. På tross av nedskjeringar i tilgjengeleg rammer for 2021, ser det ut som om vi til no i år har god kontroll på tenestene vi utfører, og økonomien i desse. Budsjettmessig vil vi nok komme i mål innafor rammene.

**Tiltak**

Teknisk drift vil få inntekter frå Øyraplussen 14, ved blant anna sal av tenester, flytting av utgifter m.m. I haust vil vi nytte tildelte «korona» midlar frå staten, på deler av vedlikehald av bygningar. Vi har òg sagt opp ein relativ dyr driftsavtale med privat føretak om styringssystem for bygningar, som vi ikkje nyttar slik som forutsett.

**Viktige hendingar hittil i år:**

Høgt fokus på mest mogeleg arbeide i eigen regi.

Utvendig vedlikehald av bygningane våre.

Vedlikehald i sentrum, grøntområde m.m.

Oppgradering etter tilsyn Borgund barnehage, og utviding av barnehagen.

**Arbeidsgjevar:**

Årsverk:

Sjukefråver:

| Pr. 30.04 i år | pr 30.04 i fjor |
|----------------|-----------------|
| 6,39 %         | 4,62 %          |

**Kommentarar:**

Litt høgt sjukefråver. Delvis lagtidsrelatert, men òg noko korttidsfråver. Fokus på trygg og god arbeidsplass for alle, er viktig og noko vi prøver å etterleva!

### 3 Investeringar

I budsjettet for 2021 er det vedteke investeringar for totalt kr 61 370 000 for 2021. Dei største investeringsprosjekta i tilknytning til nytt vassverk og næringsprosjekta ved Håbakken, er i rute. Dette er store og viktig prosjekt for kommunen, og det har vore tidkrevjande for administrasjonen. Det er god framdrift og ein er i rute for desse prosjekta.

Kommunestyret vil få førelagt sluttrapport i løpet av 2021.

I vedlegget til tertialrapporten er det eit eige oversyn over vedtekne investeringsprosjekt med kommentarar, og prognose for kostnader.

Det er fleire prosjekt som ikkje er starta opp, her må ein fordele prosjektarbeid utover heile kalenderåret slik at ein ikkje har for mange prosjekt gåande på same tid. Dette er viktig for at kvart prosjekt skal ha ei god oppfølging og styring.

Målsettinga er å gjennomføre prosjekta som kommunestyret har vedteke, i løpet av året. Ut får det me veit no, er det bibliotekprosjektet som har det største avviket.

|   | Regnskap         | Buds(end)         |
|---|------------------|-------------------|
|   | 2021             | 2021              |
| 20008 Varmepumpe/fjernvarme   | -                | 500 000           |
| 20012 Næringsområde Håbakken 1                                      | 1 382 846        | 6 500 000         |
| 20013 Arealeffektivisering Lærdal rådhus                            | -                | 400 000           |
| 20016 Bustadtomter Lærdalsøyri                                      | 25 969           | 2 500 000         |
| 20017 Opprusting kultursal  | 651 650          | 410 000           |
| 20019 Borgund samfunnshus renovering                                | 75 911           | 500 000           |
| 20020 Bussparkering og andre infrastrukturiltak for gjennomreisande | -                | 1 150 000         |
| 20022 Skred-/flaumsikring bustadhus kommunen sin del                | -                | 2 300 000         |
| 20026 Nytt Bibliotek  | -                | 2 000 000         |
| 20027 Ny ungdomsklubb   | -                | 1 500 000         |
| 20035 SD- Anlegg  | -                | 150 000           |
| 20036 LED- Gatelys  | -                | 200 000           |
| 20039 Hovudplan avløpi  | 410 242          | 10 000 000        |
| 20041 Hovudplan vassforsyning                                       | 3 785 042        | 21 000 000        |
| 20054 Gnr 24 Bnr 35   | 71 361           | -                 |
| 21006 Lokal IKT - plattform   | 112 360          | 550 000           |
| 21007 Oppvekst IKT  | 10 975           | 100 000           |
| 21008 Elev PC/nettbrett   | 60 794           | 400 000           |
| 21009 Ny visma modular  | -                | 150 000           |
| 21010 Nettverks Utstyr  | -                | 150 000           |
| 21011 Acos oppdatering modular                                      | 94 163           | 150 000           |
| 21012 Overgang frå lokal exchange Office 365                        | -                | 200 000           |
| 21013 Digitale smarttavler oppvekst                                 | 492 044          | 600 000           |
| 21014 Digisos   | 108 750          | 260 000           |
| 21015 Flaumsikring Lærdalsøyri - Lærdal sin del                     | -                | 1 000 000         |
| 21016 Ombygging/forstudie Lærdalsøyri skule                         | -                | 500 000           |
| 21017 Trafikktryggleik - Diverse tiltak                             | -                | 1 500 000         |
| 21018 Saltkjelen Bustadfelt - grunnerverv og opparbeiding           | -                | 1 000 000         |
| 21019 Prosjekt Lærdal sjøfront                                      | -                | 1 600 000         |
| 21020 Gamle Lærdalsøyri - nytt gatedekke                            | -                | 500 000           |
| 21021 Universell utforming lege og fysioterapi                      | -                | 200 000           |
| 21022 Lys parkeringplass Borgund                                    | -                | 200 000           |
| 21023 Kjøp av leasingbil  | -                | 100 000           |
| 21024 Velferdsteknologi   | 49 000           | 400 000           |
| 21025 Personvarslingsanlegg   | -                | 400 000           |
| 21026 Utstyr teknisk  | -                | 300 000           |
| 21027 Håbakken 2  | 923 926          | 2 000 000         |
| <b>TOTALT</b>   | <b>8 255 033</b> | <b>61 370 000</b> |

Investeringsoversikt 2021. Rapportering 1. tertial

| Prosjekt   | Budsjett               | Prognose               | Status                   | Når ferdig <sup>1</sup>  | Merknad   |
|--|------------------------|------------------------|--------------------------|--------------------------|---|
| Varmepumpe/fjernvarme (utgreiing)                    | 500 000                | 500 000                | Pågåande                 | 31.12.201                | Jobbar fram eit grunnlag for ekstern gjennomgang Utgreiing  |
| Næringsområde Håbakken 1<br>Næringsområde Håbakken 2 | 6 500 000<br>2 000 000 | 6 500 000<br>2 000 000 | Snart ferdig<br>Pågåande | 01.07.2021<br>31.12.2021 | Håbakken 1 i utgangspunktet ferdig, men det er bestemt ein del ekstraarbeid.<br>Ny avkøyrsløse til Håbakken 1 ligg ikkje inne i prosjektet, og gjeld avkøyrsløse til Slinde Transport. Her må det gjennomførast forhandlingar med grunneigar. |
| Arealeffektivisering Lærdal rådhus                   | 400 000                | 400 000                | Pågåande                 | 31.12.2021               | Litt mindre ombyggingar for å utnytte arealet betre, ha gjestekontor, nytt møterom og flytting av kantine.  |
| Bustadtomter Lærdalsøyri                             | 2 500 000              | 2 500 000              | Pågåande                 | 31.12.2021               | Kommunen jobbar har spesielt med Reguleringsplan for Hanseskogen. Planen er å leggje fram planframlegget i august. Me har her utgifter til konsulentbistand og utgreiingsarbeid, og opparbeiding av tomtene (oppfylling, infrastruktur),      |

<sup>1</sup> Dato for «Når ferdig» i denne samanheng er siste frist for å bruke årets investeringsmidlar avsatt til det einskilde prosjekt

|  |           |           |                |  |  |  |
|--|-----------|-----------|----------------|--|--|--|
|  |           |           |                |  |  | <p>kanskje og noko grunnnerv. - noko av denne investeringsposten omfattar og delar av planarbeid for arealdelen.</p> <p>Prosjektet har gått over to budsjettår, og ved overflytting av midlar frå 2020 til 2021 er det feilbudsjettet.</p> <p>Plan for resterande arbeid er klart til midten av juni.</p> <p>Er i gang med planarbeid, men dette er sett på vent, då ein har drøfta mogleg anna plassering. Arbeidet kjem i gang att dersom positivt vedtak i kommunestyret, då vert dette infrastrukturtiltaket vurdert gjennom Reguleringsplan for Grandane.</p> |
|  |           |           |                |  |  |  |
| Opprusting kultursal   | 410 000   | 720 000   | Ferdig         |  |  |  |
| Borgund samfunnshus renovring                                  | 500 000   | 500 000   | Pågåande       |  |  | 31.12.2021   |
| Bussparkering og andre infrastrukturtiltak for gjennomreisande | 1 150 000 |           | Pågåande       |  |  | 31.12.2021   |
| Skred/ flaumsikring bustadhus kommunen sin del                 | 2 300 000 | 2 300 000 | Under oppstart |  |  | 31.12.2021   |

|   |            |            |                |  |            |  |
|---|------------|------------|----------------|--|------------|--|
|   |            |            |                |  |            | <p>starte når vassverket og kraftverket øvst i Ofta også skal byggjast ut. Me er i dialog med NVE om dette, og vil truleg få fortgang i også denne prosessen no når flaumsikring av Lærdalsøyri har fått stor prioritet hjå NVE.</p> |
| Nytt bibliotek                            | 2 000 000  | 100 000    | Pågåande       |  |            | <p>Prosjektet er forseinka pga utsetting av planane for kulturhuset. I beste fall kjem me i gang med skisser/teikningar i samband med prosjektering i 2021.</p>  |
| Ny Ungdomsklubb                           | 1 500 000  | 1 500 000  | Utgreiingsfase |  |            | <p>Kommunestyret får lagt fram ei sak 17. juni med framlegg om lokalisering.</p>   |
| SD- Anlegg                                | 150 000    | 150 000    | Pågåande       |  | 31.12.2021 |  |
| LED- Gatelys                              | 200 000    | 200 000    | Ikkje i gang   |  | 31.12.2021 |  |
| Hovudplan avløp                           | 10 000 000 | 10 000 000 | Pågåande       |  | 01.09.2021 | <p>Tre entreprisar har vore utlyst, og blir ferdigstilt ved utgangen av juni. Dette gjeld grøftetrase, bygg, maskin/utstyr. Høgdasseng står att.</p>   |
| Hovudplan vassforsyning                   | 21 000 000 | 21 000 000 | Pågåande       |  | 01.09.2021 | <p>Heng saman med hovudplan avløp</p>  |
| Flaumsikring Lærdalsøyri - Lærdal sin del | 1 000 000  |            | Pågåande       |  | 31.12.2021 | <p>Er no godt i gang med eige prosjekt hjå NVE.</p>  |



|  |           |           |              |  |  |            |  |
|--|-----------|-----------|--------------|--|--|------------|--|
|  |           |           |              |  |  |            | Planarbeidet må vente litt til, til NVE har komme med meir konkret tiltaksplan   |
| Ombygging/forstudie Lærdalsøyri skule                | 500 000   | 500 000   | Ikkje i gang |  |  |            | Planlegging  |
| Trafikktrygging – Diverse tiltak                     | 1 500 000 |           | Pågåande     |  |  | 31.12.2021 | Skal ha møte 17.juni for å lage arbeidsplan vidare, og posten kjem truleg til å gå på ferdigstilling av tiltak utanfor Lærdalsøyri skule og fortau/fartsdemparar langs heile Einemovegen |
| Saltkjelen Bustadfelt – grunnnerverv og opparbeiding | 1 000 000 |           | Pågåande     |  |  | 31.12.2021 | Er i prosess, men har ikkje fått høgste prioritet fram til no i år. Vert vurdert vidare prosess i løpet av dei neste vekene.   |
| Prosjekt Lærdal sjøfront                             | 1 600 000 | 1 600 000 | Pågåande     |  |  | 31.12.2021 | Planarbeid i gang, og konsulent vert engasjert til planarbeidet og utgreiingsarbeidet. Fjordfront-prosjektet er ein del av eit større planarbeid for heile Grandane.                     |
| Gamle lærdalsøyri                                    | 500 000   | 500 000   | Ikkje i gang |  |  | 31.12.2021 |  |

|  |         |         |         |                |            |  |
|--|---------|---------|---------|----------------|------------|--|
| Universell utforming lege og fysioterapeut | 200 000 | 200 000 | 200 000 | Ikkje i gang   | 31.12.2021 |  |
| Lys parkeringsplass Borgund                | 200 000 | 200 000 | 200 000 | Ikkje i gang   | 31.12.2021 |  |
| Utstyr teknisk                             | 300 000 | 300 000 | 300 000 | Under oppstart | 01.10.2021 | Innhentar prisar   |
| Velferdsteknologi                          | 400 000 | 400 000 | 400 000 | Pågåande       | 31.12.2021 | Kommunen er med i eit fuylkesdekkande velferdsteknologiprojekt, og investeringar skjer fortløpande gjennom året. |
| Personvarslingsanlegg                      | 400 000 | 400 000 | 400 000 | Under oppstart | 31.12.2021 | Gjeld Lærdal bu- og omsorgssenter. Varslingsanlegget må bytast ut i løpet av året på grunn av ny teknologi.      |
| Digitale smarttavler oppvekst              | 600 000 | 600 000 | 600 000 | Snart ferdig   | 01.08.2021 | Er i sluttfasen, skulane har fått nye digitale smarttavler.  |
| Digisos                                    | 260 000 | 260 000 | 260 000 | Pågåande       | 31.12.2021 | Digitalisering sosialstøtnadsprogram   |
| Lokal IKT – plattform                      | 550 000 | 550 000 | 550 000 | Pågåande       | 31.12.2021 |  |
| Oppvekst IKT                               | 100 000 | 100 000 | 100 000 | Snart ferdig   | 01.08.2021 |  |
| Elev PC/nettbrett                          | 400 000 | 400 000 | 400 000 | Snart ferdig   | 01.08.2021 |  |
| Nye Visma modular                          | 150 000 | 150 000 | 150 000 | Under oppstart | 31.12.2021 | Tidsregistreringssystem  |
| Acos oppdatering av modular                | 150 000 | 150 000 | 150 000 | Ikkje i gang   | 31.12.2021 |  |
| Overgang frå lokal exchange Office 365     | 150 000 | 150 000 | 150 000 | Ikkje i gang   | 31.12.2021 |  |